



Nasjonalt utviklingsprogram

# Landbruksbygg og kulturlandskap

Sluttrapport

Februar 2013

## Samandrag

Denne sluttrapporten tek sikte på å samanfatte informasjon og lærdom frå utviklingsprogrammet *Landbruksbygg og kulturlandskap*. Det vart avsett midlar til dette 5-årige programmet gjennom jordbruksavtalen i 2007. Utviklingsprogrammet vart avslutta i 2012, og har hatt som formål å sikre at det vert tatt landskaps- og miljøomsyn ved oppføring av store landbruksbygg, stimulere til ny bruk av ledige bygg og utvikle metode for kartlegging av kulturhistorisk viktige landbruksbygg.

Programmet skulle framskaffe ny kunnskap, finne flaskehalsar og manglar i regelverk, samt formidle erfaringar frå utviklingsprosjekt og gode byggetiltak. Landbruks- og matdepartementet (LMD) leia styringsgruppa og Statens landbruksforvaltning (SLF) hadde sekretariatsfunksjonen. Programmet dekkja tre tema, og det vart nedsett tre arbeidsgrupper:

**Arbeidsgruppe 1: Nye landbruksbygg og kulturlandskap**, som arbeidde med å betre landskapstilpassing og utforming av nye landbruksbygg.

**Arbeidsgruppe 2: Ny bruk av ledige landbruksbygg**, som arbeidde med å legge til rette for ny bruk av ledige landbruksbygg.

**Arbeidsgruppe 3: Kulturhistorisk viktige landbruksbygg**, som arbeidde med å utvikle metode og retningslinjer for kartlegging av kulturhistorisk viktige landbruksbygg.

Landbruket sine bygg representerar store bruksressursar, men og vesentlege utfordringar knytt både til å sikre og å auke bruken, finne gode løysingar ved endringsbehov og sikre nødvendig vedlikehald. Dette krev ressursar i form av både kompetanse og kapasitet innan bygningsbransjen. Ivaretaking av bygningsmiljø som ikkje inngår som ein del av næringsutøvinga i dag, er kostnadskrevjande. Vidare er det behov for god kontakt mellom kommunane og regional kulturminneforvaltning for å sikre kvalitet på istandsettingstiltak. Landbruksbygg som ikkje lenger er i bruk står i fare for å forfalle og gå tapt. Dette vil medføre øydelegging av dei historiske kulturmiljøa, bl.a. setermiljøa, som Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på (frå Meld. St.9).

Utviklingsprogrammet har erfart at ein treng ei styrking av dei økonomiske verkemidla dersom ein ønsker å få betre landskapstilpassing og betre utforming av nye landbruksbygg, samt å ta vare på eksisterande bygg. Dette er i tråd med regjeringa sin politikk om å betre sikring og stimulering av det jamne, årlege vedlikehaldet av verdifulle bygg (frå Meld. St.9). I tillegg er betre samordning av verkemiddelbruken på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå viktig. Det er ei rekke ulike lover og forskrifter som regulerer bygging av nye landbruksbygg og som vedkjem omdisponering av gamle bygg til nye bruksområde. Arbeidsgruppene har peikt på fleire område der regelverket kan betrast for å ta vare på bygnings- og landskapsverdiane. Ein treng ei betre oppfølging av juridiske verkemiddel og oppdatering av rettleiarar. Programmet har og avdekka store behov for tiltak innan rådgivnings- og rettleiingstenesta. Arbeidsgruppe 3 har lagt fram anbefalingar for ei nasjonal iverksetting av eit fagsystem for kulturhistorisk viktige landbruksbygg.

Programmet *Landbruksbygg og kulturlandskap* har satt fokus på verdien av bygg i landbruket. Det er skapt stoltheit blant eigarane, og ikkje minst har programmet frambrakt ei betydeleg mobilisering frå mange personar og aktørar i alle regionane i landet. Vårt håp er at desse prosessane skal fortsette, og at aktørane skal vere motivert til å fortsette sitt arbeid lenge etter at dette programmet er avslutta.

Styringsgruppa ber LMD og avtalepartane om å følge opp erfaringane frå dette programmet med sikte på å ta desse i bruk i den framtidige landbrukspolitikken.

## Føreord

Utviklingen i jordbruket med oppføring av nye store driftsbygninger, og eldre driftsbygninger som mister sin funksjon, er en utfordring for kulturlandskapet og kulturmiljøene. I jordbruksoppgjøret 2007 bestemte avtalepartene at det var behov for et 5-årig nasjonalt program for å se på disse utfordringene. Nasjonalt program for Landbruksbygg og kulturlandskap (2008–2012) har hatt som mål å sikre bedre utforming ved oppføring av nye store landbruksbygg og å stimulere til ny bruk av ledige landbruksbygninger. Utviklingsprogrammet har hatt som mål å fremskaffe ny kunnskap, finne flaskehalser og mangler i regelverk, samt se på og formidle erfaringer fra utviklingsprogrammer og gode byggeprosjekter. Programmet har også arbeidet med å utvikle metoder for å registrere kulturhistorisk viktige landbruksbygg.

I løpet av programperioden har det blitt lagt fram en ny landbruksmelding (Meld. St. 9 (2011-2012) Landbruks- og matpolitikken). Her er viktigheten av å ta vare på kulturmiljøer og kulturlandskap vektlagt. Videre er ønsket om å skape næring basert på ny bruk av gamle bygninger fått sin plass i arbeidet med bygdenæring generelt. Dette innebærer at programmets målsetninger også er videreført i den nye meldingen.

Arbeidet med programmet har vært delt inn i tre grupper med en koordinerende styringsgruppe. Dette har vært en hensiktsmessig arbeidsform for å få til nødvendig faglig dybde på de ulike temaene.

Gjennom programmet har det blitt avholdt flere seminar både lokalt, regionalt og nasjonalt for å innhente kunnskap og for å spre kunnskap. Videre er det utviklet et eget nettsted for å formidle denne kunnskapen som er innhentet.

Alle de tre gruppene har kommet med anbefalinger for å bidra til at de aktuelle verdiene blir bedre ivaretatt. Dette er innspill til endringer i, og utvikling av, regelverk, søknadsprosesser, kompetanse og økonomiske virkemidler, som vil bidra til ivaretagelse av kulturmiljø og kulturlandskap. Innspillene er rettet mot en rekke forskjellige offentlige instanser, og gir en god bredde av muligheter for å styrke innsatsen for å ta vare på kulturlandskapsverdiene. Erfaringene fra dette programmet vil bli brukt videre i landbrukssektorens arbeid med å ivareta disse verdiene. Dette arbeidet vil foregå i nært samarbeid med kulturminne- og miljøvernmyndigheter. Videre har gruppene kommet med en rekke anbefalinger til avtalepartene i jordbruksoppgjøret. Disse innspillene vil bli drøftet videre i denne sammenhengen.

Til slutt ønsker jeg å takke alle involverte i styringsgruppa og arbeidsgruppene for en god innsats, og en spesiell takk til Statens landbruksforvaltning for god tilrettelegging av arbeidet i programmet.

Oslo, 31. januar 2013.

Frode Lyssandtræ  
Leder for styringsgruppa

## Innhold

Samandrag.....	2
Føreord.....	3
Om utviklingsprogrammet Landbruksbygg og kulturlandskap .....	6
Organisering og samansetning av styringsgruppa .....	6
Informasjons- og kompetansetiltak .....	7
Sluttrapport .....	7
Arbeidsgruppe 1: Nye landbruksbygg og kulturlandskap .....	8
Organisering og samansetning av arbeidsgruppa .....	8
Arbeidsgruppa si tolking av mandatet og gjennomføring av arbeidet.....	8
Pilotprosjekt .....	9
Kufjøs på Slåttnes gard i Tromsø kommune, Troms.....	9
Grisehus på Fougner Søndre i Gausdal kommune, Oppland .....	10
Sauefjøs på Søre Opheim i Ål kommune, Buskerud .....	11
Erfaringar frå pilotprosjekta .....	13
Juridiske verkemiddel.....	13
Plan- og bygningslova .....	13
Kulturminnelova .....	14
Landbruket si særlovgiving.....	15
Økonomiske verkemiddel.....	16
Investeringsverkemiddel .....	16
Miljøverkemiddel i landbruket .....	17
Resultat og erfaringar.....	18
Vidare arbeid .....	18
Gjennomføring av prosjektering .....	18
Juridiske verkemiddel.....	19
Økonomiske verkemiddel.....	19
Kunnskapsbehov og bevisstgjerjing .....	20
Arbeidsgruppe 2: Ny bruk av ledige landbruksbygg.....	21
Organisering og samansetning av arbeidsgruppa .....	21
Arbeidsgruppa si tolking av mandatet og gjennomføring av arbeidet.....	21
Regionale partnerskapsprosjekt.....	22
Programmet sin nettstad .....	26
Rettleiingshefte og bokverk .....	26

Resultat og erfaringar – anbefalingar for vidare arbeid.....	27
Arbeidsgruppe 3: Kulturhistorisk viktige landbruksbygg .....	29
Organisering og samansetning av arbeidsgruppa .....	29
Arbeidsgruppa si tolking av mandatet og gjennomføring av arbeidet.....	29
Tolking av mandatet.....	29
Strukturering av arbeidet .....	30
Eksisterande registreringssystem.....	30
Kulturhistorisk betydning .....	30
Kartlegging.....	31
Registreringsrettleiar.....	31
Utval av pilotkommunar og kursing av lokale prosjektleiarar.....	31
Resultat og erfaringar.....	32
Kommunane sine val av anlegg, registrator(ar), tal på registreringar og tidsbruk .....	32
Eigenskapar ved registrerte bygg og drøftingar rundt data .....	32
Kommunane si erfaring med registreringsarbeid: Kunnskap skapar interesse! .....	35
Refleksjon og "kritiske" faktorar .....	36
Dataforvaltning.....	36
Landbrukspolitisk implementering.....	37
Oppsummering og forslag til vidare arbeid.....	37
Takk .....	38
Styringsgruppa sine anbefalingar om vegen vidare .....	39
Nyttige internettdresser .....	42
Referansar .....	43
Arbeidsgruppe 1 .....	43
Arbeidsgruppe 3 .....	43
Upublisert grunnlagsmateriale.....	44
Vedlegg 1: Mandat arbeidsgruppe 1: Nye landbruksbygg og kulturlandskap .....	45
Vedlegg 2: Mandat arbeidsgruppe 2: Ny bruk av ledige landbruksbygg.....	46
Vedlegg 3: Mandat arbeidsgruppe 3: Kulturhistorisk viktige landbruksbygg .....	47
Vedlegg 4: Registrering av kulturhistorisk verdifulle landbruksbygninger. Veileder til bruk i pilotstudien.....	49

FOTO FORSIDE: Dalbygd, Soknedal, Sør-Trøndelag (Foto: Vigeik Stusdal, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag).

## Om utviklingsprogrammet Landbruksbygg og kulturlandskap

Gjennom jordbruksavtalen i 2007 vart det avsett midlar til det 5-årige utviklingsprogrammet *Landbruksbygg og kulturlandskap*. Utviklingsprogrammet var ei oppfølging av framlegg til *Handlingsplan for store nye landbruksbygg i landskapet*. Programmet omfatta tre tema: nye landbruksbygg, ny bruk av ledige landbruksbygg og metode for kartlegging av kulturhistorisk viktige landbruksbygg.

Det vart nedsett ei arbeidsgruppe for kvart tema. Gruppene fekk følgande namn:

Arbeidsgruppe 1: Nye landbruksbygg og kulturlandskap

Arbeidsgruppe 2: Ny bruk av ledige landbruksbygg

Arbeidsgruppe 3: Metode for kartlegging av kulturhistorisk viktige landbruksbygg

Bakgrunnen for programmet er ei forventning om ein stor byggeaktivitet i landbruket der store bygningsvolum vil setje sitt preg på kulturlandskapet. Mange av landbruksbygga tilfredsstillar ikkje dei krava ein i dag har til arbeidsmiljø og dyremiljø. Lavt dekningsbidrag per produsert eining medfører krav til større og meir effektive produksjonslokale. Gjennom fleire år har ein sett at utviklinga går mot store bygg som ofte er utforma og plassert ukritisk i kulturlandskapet, utan at det er tatt omsyn til stadeigen byggeskikk og heilskapen i kulturmiljøet. Mange av bygga som vert oppførte er "serieproduserte" eller ferdighus, og ein finn allereie dei same bygga i nord og i sør. Utviklinga ser i dag ut til å skje forholdsvis tilfeldig. Fortsett utviklinga som den gjer i dag, vil resultatet vere at kulturlandskapet endrar seg sterkt i ei retning som verken den enkelte gardbrukar eller samfunnet er tent med.

Ei endring i positiv retning kan ein kanskje best oppnå gjennom dei gode eksempla. Derfor var eit av måla at arbeidsgruppene sitt arbeid skulle munne ut i produkt som verkar motiverande for, lærande for og gir kunnskap til brukarar, myndigheiter og planleggarar.

## Organisering og samansetning av styringsgruppa

Frode Lyssandtræ (leiar 2012), Landbruks- og matdepartementet

Ragnar Mjelde (leiar 2008-2012), Landbruks- og matdepartementet

Berit Haga Vikanes (sekretariat 2011-2012), Statens landbruksforvaltning

Erik-Anders Aurbakken (sekretariat 2008-2011), Statens landbruksforvaltning

Tora Skjerkholt Aarnes (2011-2012), KS

Kjersti Versto Roheim (2008-2011), KS

Anders Heen, Norsk Landbruksrådgiving

Øystein Ballari, Fylkesmannen i Finnmark/Bioforsk

Even Gaukstad (2009-2012), Riksantikvaren

Jostein Løvdal (2008-2009), Riksantikvaren

Kjell Bruvoll, Innovasjon Norge

Knut Sjøvold, Norges Bonde- og Småbrukarlag

Svein Guldal (2011-2012), Norges Bondelag

Ole Nikolai Skulberg (2008-2011), Norges Bondelag

Styringsgruppa har bestått av representantar frå ulike organisasjonar og etatar med kvar sin spisskompetanse i tillegg til god kjennskap til norsk landbruk; det har vore ein viktig bakgrunn i styringsgruppa sitt arbeid. Alle hadde eksempel på kor uestetisk det kan bli når nybygg vert plassert i eit fint kulturlandskap. Gruppa hadde og mange eksempel på korleis ny bruk av gamle bygg kan øydelegge eit fint gardstun. Dessutan har mange flotte bygg blitt rive utan tanke på noverande eller framtidig verdi. Styringsgruppa var derfor svært motivert for at me skulle oppnå dei resultatata som mandatet la opp til.

Styringsgruppa såg tidleg at det var viktig å finne fram til dei gode eksempla, gode prosjekt som kunne gi inspirasjon for bønder som skulle vurdere nybygg eller finne alternativ bruk av gamle hus, samt for rådgivarar og myndigheiter. Gruppa erfarte at det arbeidet som skulle gjerast, tek tid, frå den fyrste planlegginga til prosjektet er gjennomført. Det var heilt avgjerande at det vart sett av midlar til eit 5-årig program for å få gode resultat.

## **Informasjons- og kompetansetiltak**

Styringsgruppa gjennomførte ei studiereise til Danmark, som var ei viktig inspirasjonskjelde. Gruppa såg mange gode eksempel på vellykka utbyggingar. Det var viktig å sjå dei ulike verkemidla myndigheitene hadde, både planleggingsfasen av utbygginga, og finansiering av dei enkelte tiltaka. Me såg og korleis myndigheitene i Danmark hadde verkemiddel for å fjerne bygg som var i ferd med å falle saman. Dei representerte ei fare for omgivnadane, og var lite fine element i kulturlandskapet.

Ei viktig målsetting med dette programmet var å få meir kunnskap ut til alle aktørane knytt til landbruksbygg, både med omsyn til nye bygg, og omdisponering eller bevaring av gamle bygg. Dette for at dei rette vala blir gjort med omsyn til planlegging og gjennomføring. Styringsgruppa såg derfor nødvendigheita av å samle alle aktuelle aktørar, både regionalt og nasjonalt, for å spreie kunnskap om programmet. På eit seminar ville deltakarane få eit innblikk både i fagteoretiske synspunkt og gjennom praktiske eksempel lære av erfaringar frå pilotprosjekt.

Den 18.-19. oktober 2011 vart det halde ein konferanse på Gardermoen med tittelen "Landbruksbygg: gjenbruk og nybygg. Miljøhensyn, funksjon, estetikk". Arrangørar av konferansen var dette programmet og Innovasjon Norge sitt program "Landbruksbygg i tre". Konferansen hadde ca. 130 deltakarar.

Den første dagen gav ei god oversikt over programmet, muligheiter for eldre landbruksbygg, ringverknadar ved fornying av bygg og innhald, samt landbruksbygget si rolle i norsk kulturarv. Det vart presentert mange eksempel, og det vart ein god diskusjon om temaet på slutten av dagen. Den andre dagen hadde fokus på innhaldet i dei to delprosjekta "Ny bruk av gamle bygg" og "Nye landbruksbygg – landskap, material og økonomi". Me fekk sentrale folk i landbruket sine organisasjonar til å komme med sine synspunkt på temaet. På konferansen fekk styringsgruppa også profilert den nye nettstaden "[www.landbruksbygg.no](http://www.landbruksbygg.no)", eit viktig verkemiddel for å spreie resultat frå programmet.

Styringsgruppa er nøgd med deltakinga og resultatet av denne konferansen. Det var nyttig å samle ulike aktørar i ein byggeprosess. Me fekk nyttige tilbakemeldingar til programmet si siste fase, og me trur og at deltakarane på konferansen hadde stor nytte av det som vart presentert. Me fekk mange gode tilbakemeldingar i etterkant. Etter konferansen blei og delar av innhaldet spreidd gjennom ulike mediekanalar. Styringsgruppa meiner at målsettinga med konferansen vart oppnådd.

## **Sluttrapport**

Styringsgruppa har samla erfaringane gjort i utviklingsprogrammet i denne sluttrapporten. Arbeidsgruppene har levert kvart sitt bidrag til sluttrapporten, som vert presentert i dei følgjande kapitla. Arbeidsgruppene har i sine kapittel lagt fram kunnskap og informasjon rundt sine tema, samt resultat frå arbeidet dei har gjort i regi av programmet. Dei har erfart gjennom bl.a. pilotprosjekt utfordringar i regelverk og verkemiddel. Desse lærdommane har munna ut i klare anbefalingar for vidare arbeid innanfor sine tema; nye landbruksbygg og kulturlandskap, ny bruk av ledige landbruksbygg og metode for kartlegging av kulturhistorisk viktige landbruksbygg. Styringsgruppa har til slutt samanfatta desse anbefalingane, samt gjort egne tankar om vegen vidare innanfor temaet landbruksbygg og kulturlandskap.

## Arbeidsgruppe 1: Nye landbruksbygg og kulturlandskap

Arbeidsgruppe 1 arbeide med å betre landskapstilpassing og utforming av nye landbruksbygg. Dette skal skje med omsyn til eksisterande bygningsmiljø og tunform, og med krav om framtidsretta og funksjonelle bygg.

### Organisering og samansetning av arbeidsgruppa

Pål Krister Langlid (leiar 2011-2012), Nord-Trøndelag bondelag  
Ola Johansen (leiar 2008-2010), sjølvstendig næringsdrivande/bonde  
Svein Johnsen (sekretær), Norsk Landbruksrådgiving  
Jan Herman Fuglu, Norske arkitekters landsforening  
Ragnhild Hoel, Riksantikvaren  
Torgeir Lyngtveit, Universitetet for miljø og biovitenskap  
Ola Øyen (2011-2012), Innovasjon Norge/Trefjøsprosjektet  
Tore Andre Sines (2008-2010), Innovasjon Norge

### Arbeidsgruppa si tolking av mandatet og gjennomføring av arbeidet

Arbeidsgruppa har hatt som hovudmål å arbeide for:

- Betre landskapstilpassing og betre utforming av nye landbruksbygg
- Omsyn til eksisterande bygningsmiljø og tunform ved bruksutbygging
- Framtidsretta og funksjonelle bygg

Arbeidsgruppa har i tråd med mandatet lagt stor vekt på å jobbe med konkrete pilotprosjekt. Til saman har 78 kandidatar vore vurdert i denne samanhengen etter mange gode innspel frå regional forvaltning (Fylkesmann, fylkeskommune, Norsk Landbruksrådgiving (NLR) og Innovasjon Norge).

Innanfor gruppa si økonomiske ramme er det gjennomført utvida planprosessar med ein brei samansatt plankompetanse i tre pilotprosjekt. Sentrale tema i planprosessane har vore: Korleis lokalisere bygga slik at kvalitetane i landskapet vert tekne vare på? Kan ein gjennom bygget si utforming, materialbruk og detaljering tilføre garden og landskapet meirverdi? Bør nybygget integrerast i tunet eller plasserast utanfor? Korleis tek ein hand om jordverninteressene, og er omsynet til kulturminne over og under bakken avklart?

Erfaringane frå desse pilotutbyggingane er at dei har vore krevjande å realisere, både på grunn av at prosessane blir meir kompliserte enn ei ordinær utbyggingssak, og særleg på grunn av meir-kostnadene ved å realisere spesialtilpassa bygg. Den største utfordringa er at den enkelte gardbrukar ikkje har økonomisk høve til å gjere større grep for å betre utforming og landskapstilpassing, så lenge det er lønnsmda i den faste produksjonen som skal forsvare investeringa. Ein av dei tre pilotprosessane har resultert i utbygging, på Søre Opheim i Ål kommune i Buskerud. Her har ein lykkast med å bygge eit nytt og moderne sauefjøs og samtidig ta vare på gamle tømmerbygningar av høg kulturhistorisk verdi. Løysinga har og hindra nedbygging av dyrka mark.

Arbeidsgruppa har med bakgrunn i erfaringane frå pilotarbeidet, og undersøkingar retta mot fylkeskommunane, Innovasjon Norge og Fylkesmannsembeta, vurdert dagens verkemiddelapparat. Dette gjeld både juridiske og økonomiske verkemiddel, samt ei rekke tilskotsordningar over jordbruksavtalen. Me foreslår med bakgrunn i dette ei betre oppfølging av juridiske verkemiddel og ei styrking av dei økonomiske verkemidla for betre landskapstilpassing og betre utforming av landbruksbygg. I tillegg er betre samordning av verkemiddelbruken på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå viktig. Arbeidsgruppa har vurdert kunnskapsstatusen og foreslår tiltak innan rådgivings- og rettleiings-tenesta, samt premiering av gode prosjekt gjennom ein agroarkitekturpris.



## Pilotprosjekt



### Kufjøs på Slåttnes gard i Tromsø kommune, Troms

Garden ligg i eit typisk fjordlandskap med dyrka mark ned mot sjøen og utmark med beiter mot fjellet. Slåttnes driv mjølk- og kjøttproduksjon på storfe og tilbyr bl.a. "Inn på tunet"-tenester. Tunet har flytta seg som følge av overgang frå sjøvegs til landvegs trafikk. I denne prosessen har funksjonar endra innbyrdes plassering og påverka kommunikasjon, opplevingar og sonedeling i tunet.

Oppdraget var å planlegge eit nytt kufjøs og å foreslå prinsipp for framtidig tunutvikling. Ein kom fram til eit hovudgrep der nytt fjøs blei lagt nær hovudveg i overkant av tunet. Fôr- og reiskapslager og vendeplass blei lagt delvis inn i terrenget, for å spare dyrka mark, skjermje tunet for tung trafikk og dempe inntrykket av nyanlegget. I indre del av tunet blei delar av fjøset brote ned i mindre volum som innbyr til opphald og skapar visuell samband til mindre hus nær fjøset. Bygget på 1430m<sup>2</sup> blei halde innanfor ein stram hovudform. Taket blei brote i to flater for betre å ta opp terrengforma og balansere opplevinga av vegg- og takflate. Forbindelsen mellom tunet og sjøen blei foreslått revitalisert for å gjere nedre del av tunet meir attraktivt og tilgjengelig. Utbygginga blei ikkje realisert.

<p><b>Brukere:</b> Asgeir og Rita Slåttnes</p> <p><b>Prosjekteringsteam:</b>  <b>Arkitekt:</b> Kjersti Jenssen Arkitektkontor  <b>Landskapsarkitekt:</b> Aurora landskap AS  <b>Rådgiver byggeteknikk:</b> Landbruk Nord  <b>Rådgiver i agronomi:</b> Landbruk Nord  <b>Prosjekteringsledelse:</b> Landbruk Nord</p> <p><i>T.h.: Utsnitt av landskapsplan med prinsipp for tunutvikling. (illustrasjon Aurora landskap AS)</i>  <i>Under: Endelig versjon av nytt kufjøs. Perspektiv og fasader mot syd, øst og nord. (Illustrasjon Kjersti Jenssen Arkitektkontor)</i></p>	



## Grisehus på Fougner Søndre i Gausdal kommune, Oppland

Garden ligg eksponert i eit vidt dalføre med opne areal inntil tunet. Bygga ligg på terrassar innpassa i åkerlandskapet. Området er utpeikt som eit nasjonalt verdifullt kulturlandskap. Tiltakshavar ønska vurdering av byggeskikk, logistikk og jordvern for å forsterke kvalitetane i bygningsmiljøet. Innpassing av eit nytt stort grisehus i eit hellande landskap var den sentrale delen av oppdraget.

Omrisset av nybygget var tenkt "løfta opp" slik at det torvtekte pulttaket skulle spele saman med landskapet. Nybygget på 1655m<sup>2</sup> var planlagt inn i tunet og lågt lagt for å danne ein samstemt komposisjon med eksisterande bygg. Dette minskar også nedbygging av verdifull dyrka mark. Sosiale rom var foreslått skilt ut som ein separat tårnbygning i to etasjar med sluser til grisehus. Løysinga forsterkar det indre tunet for sosiale aktivitetar, og det ytre tunet nedanfor bygget for produksjon og drift. Grisehuset var planlagt med seks skilde avdelingar knytt saman via gangar i forkant og bakkant. Takkonstruksjon, ytterveggar og berande innerveggar var foreslått utført av element i massivtre. I sosiale rom skulle også dekkja prefabrikerast som modular i massivtre. Mot skjering i terrenget skulle ein bruke prefabrikkerte jordtrykksveggar i betong, mens golv mot grunnen skulle utførast i plasstøypet betong. Transparente veggjar over terreng blei foreslått for å forsterke bygget sitt lette preg, skape overlys og direkte visuell kontakt med produksjonen. Tiltakshavar valde å ikkje gå vidare med prosjektet.

**Bruker:** Marit Fougner

**Prosjekteringsteam:**

**Bygning/landskap:**

NUNO arkitektur AS og

Torgeir Lyngtveit Arkitektkontor



**Landskap:**

Bjarne Aasen Landskapsarkitekt MNLA

*T.h: Interiørperspektiv av foreslått løysning delvis innbygd i terreng.*

*Under: utsnitt av situasjonsplan.*

*Under t.h.: fasadeoppriss fra øverside, nedside og gavl. (Illustrasjoner: NUNO arkitektur AS)*





**Sauefjøs på Søre Opheim i Ål kommune, Buskerud**


Garden ligg vakkert til høgt oppe i Opheimsgrenda, eit vestvendt eksponert landskap med bygg av høg kulturhistorisk verdi. Smale teigar frå dalen opp til stølane og gardstun som klynger seg fast i dei bratte liene er typiske landskapstrekk. Søre Opheim framstår som eit samla tun med "Langstugu" frå 1885, "Gamlestugu" frå 1700-talet, loftet frå 1887, stallane frå 1898, fjøset frå 1910 og nytt våningshus frå 1985. Hovudvegen på nedsida gjekk opphavleg gjennom tunet.

Oppdraget var å planlegge eit nytt sauefjøs med førsentral for ca. 250 søyer. Nytt bygg skulle ikkje vere til hinder for utvikling av "Inn på tunet"-tenester. Samspelet mellom eksisterande bygg og moderne landbruksdrift gir spanande moglegheiter for kulturformidling. Jordvern, god byggeskikk og rasjonell drift var andre viktige føringar for planlegginga.

Det blei vurdert fleire alternativ og bygningsuttrykk. Ein plan la til grunn riving av to eksisterande tømmerlåvar i tunet. Riving blei forkasta ut i frå ønsket om bevaring av eit heilskapleg bygningsmiljø. Frittliggande nybygg utanfor tunet blei utreda og forkasta sidan det ville medføre uønska nedbygging av innmark. Innpassing i eksisterande bygningsmiljø blei til slutt valt. Konseptet er eit nytt moderne sauefjøs med gjødselkjellar plassert delvis ned i terreng under eksisterande låvebygningar. Desse måtte flyttast mellombels. Nytt sauefjøs med breidder oppimot det doble av eksisterande låvar let seg innpasse under terreng mot tunet. Tømmerlåvane blei heist tilbake på ny dekkekonstruksjon over sauefjøset. Tilpassing av høgder mellom låvebygningane blei gjort i eit mellomygg.

**Brukarar: Sjur og Renate Søndrål**  
**Prosjekteringsteam:**  
**Hovudprosjektering:**  
**Norsk landbruksrådgiving Østafjells (NLRØ)**  
**Underprosjekterande bygning/landskap:**  
**NUNO arkitektur AS**  
**Konsulent: Rådgiver bygning/landskap:**  
**Torgeir Lyngtveit Arkitektkontor.**

**Entreprenørar:**  
**Prosjektleiing og tømrar: Sjur Søndrål**  
**Kranløft: Nordic Crane**  
**Graving: Hallingdal Entreprenør AS**  
**Betong: KG bygg og betong**  
**Elektrisk arbeid: Solberg El Service**  
**Innredning: Reime - AK Maskiner**  
**Ventilasjon: Bruvik**





Forrige side nederst: Skisse til ferdig fasade mot tilkomst (Illustrasjon: NUNO arkitektur).

T.v. øverst: Situasjonsplan. Stipla linje angir sauefjøs under terreng (Illustrasjon: LN/ NUNO).

To midtre bilde: Tømmerlávane blir plassert på dekket over nytt sauefjøs (Foto: Pål-Krister Langlid).

Nederst: Viljar Søndrål hjelper dei vaksne sauene til å lære seg å drikke av niplane i nytt fjøs (Foto: Renate Søndrål).

Nybygget er på 440 m<sup>2</sup> og er 12 m bredt. Husdyrrommet er innreidd med fleksible storbingar med gangareal rundt for fôring og flytting av dyr. Det er bygd ein 2 m djup gjødselkjellar under heile husdyrrommet. Gjødsla blir pumpa ut. Husdyrrom får dagslys og utsyn gjennom vertikale vindaug frå golv til tak. Ventilasjonen i husdyrrommet skjer gjennom ventiler i langvegg og uttrekksvifter i gavlvegg.

Fôrsentralen tilfredsstiller krav til mekanisert fôrtildeling. Sosiale rom vert innpassa i underetasje i mellombygget.

Husdyrrom og gjødselkjellar under terreng er utført i plasstøpt betong med hulldekke som etasjeskille over husdyrrom. Eksponert gavl og langfasade er utført i isolert ubehandla betong. Vertikale vindaug inkluderer ventilasjon. Store portar gir tilgang for fôring og dyretransport. Utvendig dekke er utført isolert med membran og vasstett påstøyp. Golvet i sauefjøsset er av plastrister. Tre og glas brukast i mellombygget for komplettering av anlegget.

Valt løysing utnyttar eksisterande utvendig betjeningsareal og utløyser ikkje nedbygging av dyrka mark. Nedgravd bygg har stabil temperatur og utnyttar jordvarmen godt.

Budsjettert byggekostnad var 3.8 mill. kr. ekskl. mva. Utbygginga er finansiert med lån og tilskot i eit spleiselag mellom Innovasjon Norge, Ål kommune, Buskerud fylkeskommune, Riksantikvaren, Norsk kulturminnefond og programmet *Landbruksbygg og kulturlandskap*.

Byggestart med flytting av eksisterande "tømmarkassar" gjekk føre seg sommaren 2012. Nybygg og tilbakeføring av "tømmarkassar" blei ferdigstilt seinhausten 2012. Kompletteringar er planlagt utført våren 2013.



## Erfaringar frå pilotprosjekta

Prosessane og resultatane av prosjektering på alle pilotbruka blei evaluert gjennom eit spørjeskjema sendt til alle aktørane (tiltakshavarar/bønder, rådgivarar og entreprenørar). Alle bruka hadde vore gjennom planleggingsprosessar som hadde leia fram til konkrete forslag til løysingar før dei blei deltakarar i programmet, og gjekk inn i ein ny prosess.

Svara som er vurdert samla, viser stor semje om at planleggingsteama hadde tilstrekkeleg brei fagleg samansetning og at arbeidsfordelinga var avklart. Samarbeid, kommunikasjon og leiing i teama fungerte godt. Det er stor spreing i om ein oppfatta kunden som nøgd.

Svara viser relativ stor tillit til at prosjekterte løysingar ville gitt høgare estetisk kvalitet og innfridd måla i programmet om dei hadde blitt realisert. Aktørane oppgav innpassing og bearbeiding av store bygningsvolum, kompleksitet i situasjonen, byggekostnader og samspelet med entreprenørsida som dei mest utfordrande problemstillingane. Svara avdekkjer krevjande prosjekterings- og byggefasar. Mange involverte innan finansiering og prosjektering har verka tidkrevjande og kompliserande. Erfaringane tyder på at det bør stillast høge krav til tverrfagleg samarbeid og kontroll. Verdien av god byggeleiing og gode prosjekteringsteam med fagkompetanse blir understreka.

Byggekostnadene for nybygg som avvik frå dei dominerande standardløysingane er avhengige av utvida finansieringsløysingar for å bli realisert. Prosjektet på Slåttnes ville i følge entreprenør kosta 13 mill. kr. eller 30 % meir enn deira opphavleg tilbydde løysing. Bearbeiding av prosjektet og innhenting av konkurrerande tilbod for å senke kostnadene, let seg dessverre ikkje gjennomføre. Prosjektet bygg på Fougner Søndre er kalkulert til drygt 14 mill. kr. Prosjektet blei bearbeidd og kostnaden redusert med om lag 3 mill. kr. blant anna ved å erstatte massivtre med andre material. Utbygginga på Søre Opheim er rekna ut til å kosta 3,8 mill. kr. eller ca. 50 % meir enn opphavleg tenkt utbygging, som innebar riving av dei to tømmerlåvane. Valt løysing har såleis høgare kostnad, men ein har makta å ta vare på to gamle kulturhistorisk viktige bygg som kan vise seg og å gi garden store meirverdiar.

Alle pilotbygningane blei underlagt normal byggesaksbehandling der sektormyndigheitene blei varsla og kunne følge prosessane. Desse prosessane har stort sett vore greie og avklarande i forhold til rammer og omsyn. Undervegs blei det blant anna fastlagt prosedyre ved funn av kulturminne i samband med grunnarbeid (Slåttnes), og i prosjektet på Søre Opheim bidrog regional kulturminneforvaltning med synspunkt på tilpassingar ein måtte gjere for å etablere sauefjøsset under dei bevaringsverdige tømmerlåvane. Fougner Søndre ligg i eit nasjonalt verdifullt kulturlandskap der det i kommuneplanen er gitt retningslinjer om at alle nye bygg bør "underordne seg den miljømessige og arkitektoniske karakteren i omgivelsane med hensyn til plassering, størrelse, takform, fasadeutforming, materialvalg og farger". Kommune og kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen var ueinige om opphavleg planlagt utbygging av eit 190 m langt fjøs utan utprega arkitektoniske kvalitetar innfridde desse krava eller ikkje. Fylkeskommunen fremma likevel ikkje motsegn, men godtok prosjektet så langt nokre vilkår om fargebruk og vegetasjon. Dette seier litt om kor utfordrande og viktig det er å etablere godt forankra kriterium for vurdering av miljøpåverknad og arkitektonisk kvalitet.

## Juridiske verkemiddel

### Plan- og bygningslova

Den nye plan- og bygningslova understrekar at sikring av jordressursane, kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljø er viktige omsyn som skal takast vare på ved planlegging.

Driftsbygningar i landbruket er no søknadspliktige. For driftsbygningar over 1000 m<sup>2</sup> bruksareal er det krav om ansvarleg søkar, prosjekterande og utførande. For driftsbygningar under 1000 m<sup>2</sup> kan tiltakshavar sjølv stå som byggherre.

Den nye lova gir nye moglegheiter til å ta vare på landskap, jordvern og bygningsutforming i landbruksområde. Rettleiarar frå SLF (2012) og Riksantikvaren (2011) viser til følgjande moglegheiter:

1. Omsynssone for landskap, kulturlandskap og jordvern med rettleiande retningslinjer, blant anna knytt til byggesøknadar og andre omsyn til landskap og jordvern
2. Føresegner til arealformålet LNF(R) som blant anna kan knytast til utforming og plassering av landbruksbygg av omsyn til kulturlandskap
3. Generelle føresegnar til arealdelen i kommuneplanen, blant anna føresegnar om estetiske omsyn for bygg og anlegg, og for landskapsutforming og landskapsestetikk

Ofte har bygningsmyndigheitene mindre fokus på estetikk og byggeskikk og meir på bygningsplassering i forhold til lukt, støy, jordvern og risiko for forureining. Men det finst kommunar som har vedtatt utvida krav knytt til estetikk. Eksempelvis har Melhus kommune estetiske retningslinjer for plan- og byggesaker, der nye bygg i tilknytning til gardsanlegg skal tilpassast eksisterande byggeskikk, og det skal takast omsyn til tundanning og fargar. Slike retningslinjer bør gi rom for at bygga utviklar seg, og samtidig gi haldepunkt for god tilpassing og akseptable kontrastar i forhold til andre bygg og landskap.

Plan- og bygningslova har juridiske verktøy for å gi omsynsfull innpassing og betre kvalitet i utforming av landbruksbygg. Ein føresetnad for å bruke desse er politisk vilje og god forankring av kriteria ein styrer etter i administrasjon og vedtaksorgan i kommunen. Styringsmoglegheita vert betre gjennom samordning med anna verkemiddelbruk. Arbeidsgruppa meiner det bør opnast for styrka finansiering av landbruksbygg som oppfyller lokale kriterium for omsynsfull innpassing og kvalitet i utforming. Ved usemje om kriteria er oppfylt kan ein sjå for seg at dette vert innarbeidd i det tilsynet Innovasjon Norge utfører i sine finansieringssaker.

I 2002 kom siste utgåve av temarettleiaren for landbruksbygg frå Statens Bygningstekniske etat ("Driftsbygningar i landbruket HO-2/2002"). Denne har vore eit viktig verktøy for planleggarar av landbruksbygg. Direktoratet for byggkvalitet er i dag sentral bygningsmyndigheit. Revisjon av rettleiaren blei satt i gang i 2011, men vidare arbeid er ikkje avklart. Det er stort behov for ein oppdatert temarettleiare.

Plan- og bygningslova har generelle føresegnar om meldeplikt. Dette gjeld § 1-4 om at plan- og bygningsmyndigheitene "skal samarbeide med andre offentlege myndigheter som har interesse i saker etter plan- og bygningslova og innhente uttalelse i spørsmål som hører under vedkommende myndighets saksområde" og § 21-5 om den kommunale bygningsmyndigheita si samordningsplikt. Erfaringa er likevel at saker om landbruksbygg svært ofte ikkje vert sendt regional kulturminneforvaltning, også etter at desse bygga vart søknadspliktige.

### **Kulturminnelova**

Norske jordbrukslandskap inneheld store kulturhistoriske verdier. Omkring 2500 bygg i jordbrukslandskapet og fire kulturmiljø knytt til jordbrukslandskapet er vedtaksfreda etter kulturminnelova. I tillegg er drygt 200 middelalderbygg i tre og bygg frå før 1650, samt samiske kulturminne over 100 år, automatisk freda. Freding beskyttar sjølve bygga mot endring, og det er moglegheit til å frede eit område rundt, men kulturminnelova har ikkje føresegnar om inngrep i omgivnadane til vedtaksfreda kulturminne. Det er plan- og bygningslova som har formelle verktøy til å ta hand om tilpassing av nye landbruksbygg i verdifulle bygningsmiljø og nær tun med freda bygg.

I område med gamal jordbruksbusetting er det store sjansar for at det finst spor frå forhistorisk tid eller middelalder i og nær gardstun. Alle kulturminne frå før 1537 er automatisk freda og ein stor del av over 440.000 kjente lokalitetar i landet finst på gardsbruk. I tillegg er mange ikkje kjente, og mange ligg under markoverflata. Dei vanlegaste kulturminnetypene i innmark er gravhaugar og gravrøyser, hustuffer, gardshaugar og andre busettingsspor, rydningsrøyser og andre dyrkingsspor.

Det er forbode å gjere inngrep i automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 3, inkludert "utilbørlig skjemming". Dette gjeld også ei sikringszone på 5 m rundt kulturminnet, dersom ikkje anna er bestemt. Tiltakshavar har meldeplikt til regional kulturminneforvaltning ved igangsetting av tiltak som kan verke inn på automatisk freda kulturminne (§ 8). Offentlege organ har dessutan meldeplikt når dei kjem i berøring med tiltak som omfattast av kulturminnelova (§ 25). Lova inneheld også ei undersøkingsplikt (§ 9) ved planlegging av offentlege og større private tiltak, samt ved reguleringsplan. Ansvarleg leiar/ansvarleg forvaltningsorgan har plikt til å undersøke om tiltaket vil verke inn på automatisk freda kulturminne. Dette kan dreie seg om undersøkingar i form av arkeologiske registreringar og eventuell påfølgande utgraving. For offentlege og større private tiltak, skal kostnadene ved slike undersøkingar belastast tiltakshavar (§ 10). Ved mindre private tiltak vert kostnadene i si heilskap dekte av det offentlege. Ein driftsbygning reknast som eit større, privat tiltak. Tiltakshavar for større private tiltak kan søke om statleg dekning av kostnader når det finst særlege grunnar. Dårlig lønnsemd i landbruket kan etter tilhøva vurderast som ein særleg grunn ved oppføring av nye landbruksbygg. Ein bør likevel vurdere om ein bør opprette eigne ordningar for å dekke desse kostnadene.

Dersom tiltaket får følger for automatisk freda kulturminne, må ein finne alternativ plassering, eller søke om dispensasjon (§ 8). Dersom det vert fatta vedtak om dispensasjon blir det som regel stilt vilkår om utgraving for å sikre kjeldeverdien til dei kulturminna som blir øydelagt.

Status i dag er at regional kulturminneforvaltning i stor grad ikkje får kjennskap til planar om bygging av nye driftsbygningar. Årsaka til dette er trulig delvis at ikkje lova er godt nok kjent, og delvis frykt for kostnader og forseinking i utbyggingssakene. I yttarste konsekvens kan ei melding til kulturminneforvaltninga stoppe ei byggesak, enten økonomisk eller i sjeldne tilfelle gjennom forbod. Eit ukjent tal av automatisk freda kulturminne går tapt eller blir øydelagde som følge av manglande oppfølging av kulturminnelova. Byggherre og kommune har begge meldeplikt ifølge lovverket. Kommunane mottar søknadar i slike saker etter plan- og bygningslova, og er følgeleg ein nøkkelaktør med hovudansvar for å melde tiltaket.

Dei viktigaste utfordringane i forhold til kulturminnelova er å:

- Sikre at meldeplikta vert overhalden både av byggherre og den enkelte kommune
- Avklare forhold ved undersøkingsplikta, særleg korleis landbruksbygg skal handterast i høve til kostnadsdekning og fristar for gjennomføring av undersøkingar

Lønnsenda i bygging av nye landbruksbygg er allereie marginal. Uvisse knytt til kostnadar og tidsbruk når det gjeld arkeologiske undersøkingar er problematisk å handtere for næringa. Det er derfor viktig å få på plass gode rutinar for avklaring av forholdet til arkeologiske kulturminne. Arbeidsgruppe 1 anbefalar vidare at Miljøverndepartementet (MD) greier ut ei eiga ordning for offentleg dekning av kostnadane ved arkeologiske undersøkingar for landbruksbygg. Dette er etter vår vurdering nødvendig for å sikre betre oppfølging av føresegnene i kulturminnelova, og samtidig sikre nødvendig bruksutbygging i landbruket.

## Landbruket si særlovgiving

**Jordlova** har ei særstilling med tanke på disponering av dyrka og dyrkbar jord, og gir dyrka mark eit vern mot omdisponering til andre formål enn jordbruksproduksjon. Bruksutbygging i jordbruket bidreg også til uønska nedbygging av dyrka mark, sjølv om formålet er landbruksproduksjon. Drifts-

apparat i framtida vil måtte ligge i landbruket sitt kulturlandskap og utbygging av store bygningsvolum vil dermed ofte komme i konflikt med jordvernomsynet. LMD og avtalepartane bør derfor vurdere om, og ev. korleis, § 9 i jordlova kan få verknad ved bruksutbygging i landbruket. Det vil vere viktig å hente ut potensialet for jordvern også i den vidare utviklinga av landbruket framover.

I Noreg vert både juridiske og økonomiske verkemiddel brukt for å fremme bruk av beite for husdyr. **Dyrevelferdslova** sine føresegner om hald av husdyr stiller krav om mosjon og beiting. Kravet er minimum 8 vekers fri bevegelse og mosjon på beite for storfe, eller i luftegardar dersom beite ikkje er tilgjengeleg. Kravet er minst 16 veker på beite for småfe. Føresegnene har vore gjeldande frå 2004, med unntak for mjølkeproduksjon i lausdrift, der føresegna skal tre i kraft 1.1.2014. Den økonomiske stimulansen for beiting er auka betydeleg gjennom jordbruksforhandlingane over ei årrekke (nasjonale beitetilskot og regionale miljøprogram), og det er derfor økonomisk viktig for grøvfôrproduksjonane å tilpasse seg dette.

Beiting er følgeleg eit viktig aspekt i planlegging. Beiteaspektet har stor betydning for innpassing av nye bygg og anlegg i landskapet, og er premissgivar for design av bygga enten dei er nær tunet eller lenger unna. Omsynet vil i mange tilfelle utløyse behov for ledegjerder, og innhegningar eller luftegardar.

**Odelslova og konsesjonslova** er skjematisk vurdert, og arbeidsgruppe 1 ser ikkje behov for endringar.

## Økonomiske verkemiddel

Arbeidsgruppa har vurdert korleis eksisterande verkemiddelapparat verkar inn på utforming og plassering av nye landbruksbygg, og korleis ulike verkemiddel fungerer saman. Gruppa har hatt særleg fokus på investeringsverkemidla, nasjonale og regionale miljøprogram og ordninga for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-ordninga).

Gjeldande landbrukspolitikk, teknologisk utvikling og endra organisering er viktige premissgivarar for utviklinga i landbruket, og dermed også kulturlandskapet. Målsettinga i Meld. St. 9 om å auke innanlandsk matproduksjon, krev ei betydeleg satsing på landbruket framover. Ei auke i investeringar er avgjerande for å kunne auke norsk matproduksjon og oppretthalde eit landbruk over heile landet. Stortingsmeldinga signaliserer derfor ei viktig styrking av rammevilkåra og investeringsverkemidla i landbruket.

Å ta vare på kulturlandskapet er ei av hovudmålsettingane i norsk landbrukspolitikk, og miljø- og kulturlandskapstiltak har lenge vore eit satsingsområde for norsk landbruk. Landbruksbygg er ein sentral del av landbruket sitt kulturlandskap. Arbeidsgruppe 1 meiner at det er klart behov for å forsterke verkemiddelbruken for utforming av landbruksbygg og innpassing av desse i landskapet. Det er eit paradoks at ein i dag ikkje gir nye landbruksbygg tilsvarende merksemd som andre kulturlandskapselement. Dette er ein klar mangel i verkemiddelsystemet.

I kjølvatnet av stortingsmeldinga er det no utarbeidd regionale bygdeutviklingsprogram (RBP), som overbyggande strategiar for næringsutviklings- og miljøarbeidet innan jord- og skogbruk i fylka. Bygdeutviklingsprogramma består av næringsprogram, miljøprogram og skog- og klimaprogram. Arbeidsgruppa legg til grunn at denne samordninga av verkemidla på regionalt nivå også må omfatte temaet landbruksbygg og kulturlandskap.

## Investeringsverkemiddel

Utbyggingssaker i landbruket i dag vert prega av små økonomiske marginar. Eintydige erfaringar frå pilotarbeidet visar at den enkelte gardbrukar i liten grad har økonomisk rom til å auke byggekostnadene vesentleg for å ta vare på samfunnsinteresser (byggningsutforming, estetiske kvalitetar,



kulturminne og kulturmiljø, kulturlandskap). Lønnsemda i landbruksproduksjonen presser fram val av dei billigaste løysingane.

Dei nasjonale retningslinjene for investeringsverkemidla legg ein-sidedig vekt på lønnsemd som vilkår for støtte til utbyggingsprosjekt. Dette bidrar til bygging av eit effektivt driftsapparat for så store produksjonsvolum som mogleg innanfor gjeldande rammevilkår.

Arbeidsgruppe 1 meiner ordningane også må ta vare på samanhengen mellom nye landbruksbygg og kulturlandskap. Investeringsverkemidla er i direkte inngrep med ein betydeleg del av utbyggings-sakene i landbruket. Regionalt nivå har anledning til å prioritere ordningar for å sikre betre utforming og tilpassing av landbruksbygg i sine regionale program. Men dei økonomiske rammene er så knappe, at det i dag ikkje er rom for ei slik prioritering. Me meiner at verdien av byggkvalitet og landskapstilpassing må kommuniserast tydeleg frå sentralt nivå, politisk og i styringsdialogen mellom departement, Innovasjon Norge og Fylkesmannsembeta. Trebruk i nye driftsbygningar er eit eksempel på at politisk fokus og samla verkemiddelbruk på nasjonalt og regionalt nivå har betyding for val ved bruksutbygging i landbruket.

Ei utfordring med å knyte verkemiddelbruk til investeringsverkemiddel, er at det i praksis ikkje er alle produksjonar som er prioritert innanfor ordninga. For å nå alle produksjonar må ei støtteordning med formål å sikre betre planprosessar derfor vere generell for alle produksjonar. I Sør-Trøndelag har Fylkesmannen og partnerskapet vektlagt ei auke i ressursbruk til planlegging, for å heve kvaliteten på landbruksbygg og stimulere til betre utbyggingsprosessar. Dette er etter vår vurdering eit godt tiltak, som bør utviklast og få brei bruk.

Arbeidsgruppe 1 vil vere tydeleg på at det er nødvendig å auke støttenivået i den enkelte utbyggings-sak, dersom ein skal sikre ivaretaking av fleire omsyn enn dei reint produksjonsmessige og bedrifts-økonomiske. Dei økonomiske rammene for investeringsverkemidla må følgeleg også styrkast særskilt. Utan ei slik vesentleg styrking vil det vere avgrensa moglegheit for å auke byggkvalitet og landskaps-tilpassing ved bruksutbygging i landbruket.

### **Miljøverkemiddel i landbruket**

Nasjonale og regionale miljøprogram har som mål å sikre eit ope og variert jordbruks- og kulturlandskap, og verkemidla er hovudsakleg knytt opp mot drift og skjøtsel av areal. Dei er dermed mindre relevante i forhold til nye landbruksbygg. Det er viktig at miljøprogramma i sterkare grad fokuserer på landbruksbygningane si betyding for kulturlandskapet. Det må formulerast målsettingar, som gir grunnlag for samordna verkemiddelbruk på nasjonalt, regionalt og lokalt plan.

SMIL-ordninga er spissa mot spesielle, eksisterande natur- og kulturminneverdiar i jordbruket sitt kulturlandskap. Ordninga er investeringsstøtte til miljøtiltak. Arbeidsgruppe 1 meiner denne ordninga bør utviklast til i større grad å ta vare på samanhengen mellom kulturlandskap, kulturhistoriske verdiar og nye landbruksbygg. Det er viktig at kommunane sine tiltaksstrategiar også tek hand om desse forholda.

Arbeidsgruppa vil spesielt vise til Fylkesmannen i Troms, som har utarbeida eit forslag til ordning for finansiering av utviklingsplan for gardsbruk gjennom SMIL-ordninga. Formålet med ordninga er å fremme ei heilskapleg utvikling av attraktive gardstun som og skal ta vare på kulturlandskapet.

I LMD og MD si fellessatsing *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket* og verdensarvområda er istand-setting og vedlikehald av bygga ein integrert del av forvaltninga av områda, mens nødvendige investeringar i nye driftsbygningar i denne type jordbruksområde har vist seg svært vanskeleg. Dette er nok eit eksempel på manglande heilskap i verkemiddelbruken.

## Resultat og erfaringar

Utviklinga i landbruket sin del av byggebransjen ser ut til å følge trendar i bransjen elles. Ein aukande del av utbyggingar skjer ved at kjeder av leverandørar tilbyr sine produkt av ferdige bygg. Desse fjøsa er ofte bygd over same lest med avgrensa moglegheit for lokal tilpassing. Ein anna trend er at stadig fleire landbruksbygg vert utførte som totalentreprisar. Det inneber at entreprenøren er søkar, prosjekterande og utførande for bygget. Utgangspunktet for entreprenøren sitt arbeid er ofte enkle innreiingsplanar. Det er grunn til å reise spørsmålet om planleggingsprosessane ved slike utbyggingar fangar opp viktige omsyn utover byggeteknikk, funksjon og kostnad.

NLR er i dag eit leiande kompetansemiljø på landbruksbygg i Noreg og tilbyr prosjektering og rådgivingsbistand over heile landet. Andre rådgivingsmiljø, bygningsleverandørar og entreprenørar er også aktive i denne marknaden.

Det vert ikkje utdanna spesialistar på heilskapleg prosjektering av landbruksbygg lenger. Utviklinga går i retning av meir fragmentert kunnskap, og det vil vere meir tilfeldig i kva grad planleggarane dekker alle fagaspekt godt nok. Nokre kontor har tilsatt arkitektar, men det har vist seg vanskeleg å halde på arkitektkompetansen i landbruksprosjektering. Ei undersøking retta mot bygningsrådgivarane i NLR viser at det er behov for meir kunnskap innan design av bygg, innpassing i tun og vurdering av bygg i forhold til landskap. Rådgivarane er usikre på om NLR har tilstrekkeleg kompetanse på dette området. Drygt halvparten av dei spurde innhentar bistand med slik design kompetanse nokon gonger, mens ein stor del svarar at dei aldri innhentar slik kompetanse. Ekstra rådgivarinnsats kostar, og rådgivarane opererer i ein marknad med sterk konkurranse og prispress.

På spørsmål om oppdragsgivarane legg stor vekt på eksteriøret til sitt nye bygg svarer 63 % nokon gonger og 37 % ofte. 75 % oppgav at dei nokon gonger opplever at oppdragsgivarane legg stor vekt på tilpassing til landskap, tun eller eksisterande bygningsmiljø. 25 % svarar ofte på same spørsmål.

Rådgivarane svara at store bygningsvolum og nødvendig trafikkareal kan vere vanskeleg å tilpasse eksisterande tun. Store vegg- og takflater byr på store utfordringar. Moderne landbruksbygg har tekniske løysingar som passar best på flate tomter, mens mange gardstun har hellande terreng. Det er lite økonomisk handlingsrom og vanskeleg å optimalisere i forhold til alle omsyn.

For å auke bevisstheita og løfte fram gode heilskaplege løysingar foreslår arbeidsgruppa å opprette ein nasjonal agroarkitekturpris, som delast ut i samarbeid mellom LMD og MD, med LMD som koordinerande departement. Formålet er å auke merksemda i media, forvaltning og næring om dei nye landbruksbygga si betydning for kulturlandskapet. Viktige kriterium vil vere landskapstilpassing, heilskapleg planlegging, jordvern, samt utforming og design av framtidretta løysingar som og tek vare på eksisterande bygningsmiljø. Nominasjonsprosessen bør vere open, og regionalt nivå (Fylkesmann og fylkeskommune) får ei særskilt rolle med å innstille kandidatar. Ein jury med brei fagkompetanse (arkitektur, landskapsarkitektur og agronomi) kårar ein nasjonal vinnar.

## Vidare arbeid

Med bakgrunn i dei samla erfaringane frå programmet ser arbeidsgruppa behov for tiltak innan gjennomføring av prosjektering, juridiske verkemiddel, økonomiske verkemiddel, kunnskapsoppbygging og bevisstgjering.

## Gjennomføring av prosjektering

Forslag til tiltak:

1. Rådgivingstenesta bør etableres og støtte opp om utvikling av modellar for effektive planprosessar med breiare fagleg innfallsvinkel. Modellane må sikre reelt og godt samspel mellom aktørane

2. Utarbeiding av ein guide for heilskapleg planlegging av landbruksbygg. Formålet med guiden er å gi grunnlag for ein meir gjennomtenkt og betre heilskap i fysisk planlegging på gardane. Næringa bør gjennom haldningsarbeid auke merksemda på verdien av stadstilpassa løysingar

### Juridiske verkemiddel

Forslag til tiltak vedrørande plan- og bygningslova:

1. Jordbruksavtalepartane bør fremme ei bestilling til Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) om å få utarbeidd ein ny temarettleiing om driftsbygningar i landbruket
2. Det må rettast informasjonstiltak mot kommunale plan- og bygningsmyndigheiter knytt til:
  - a. Kommunane sine moglegheiter i plan- og bygningslova til å ta vare på kvalitet i bygningsutforming og omsyn til landskap og jordvern ved oppføring av nye landbruksbygg. Dette bør inkludere forslag til standard retningslinjer/føresegner og gode eksempel
  - b. Kommunen må sende regional kulturminneforvaltning saker om landbruksbygg (byggesøknader og søknader om frådelling) til fråsegn, jf. generell meldeplikt
  - c. Ein må vurdere om nettstaden [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) (vegvisar i kommunal planlegging og miljøforvaltning) kan brukast i denne samanhengen

Forslag til tiltak vedrørande kulturminnelova:

1. MD og LMD må tydeliggjøre rammevilkår for å ta vare på både kulturminnelova sine føresegnar og tiltakshavarane sine behov for lønnsemd og føreseielegheit:
  - a. Informere om moglegheitene for at staten kan dekke utgifter til arkeologiske undersøkingar ved større private tiltak, når det finst særlege grunnar
  - b. Fastsette retningslinjer for korleis landbruksbygg behandlast i denne samanheng
  - c. Vurdere moglegheita for nye støtteordningar for landbruksbygg til registrering/undersøking av automatisk freda arkeologiske kulturminne
  - d. Avklare rutinar for fristar for kulturminneforvaltninga når det gjeld tilbakemelding om behov/omfang av registrering (i tillegg til gjeldande fristar for gjennomføring av registrering)
  - e. Greie ut moglegheit for større føreseielegheit ved å knyte potensial for kulturminnekonflikt til lokalisering av landbruksbygg i ulike områdetypar
  - f. Informasjon om tiltakshavar si plikt til å melde tiltak som kan ha verknad på automatisk freda arkeologiske kulturminne (kulturminnelova § 8) og plikt til undersøking (§ 9)
  - g. Informasjon om kommunane si plikt til å sende over byggesaker for store landbruksbygg til regional kulturminneforvaltning (kulturminnelova § 25)
  - h. Viktige målgrupper for informasjonstiltak er tiltakshavarar, kommunane (både teknisk etat/plan- og bygg og landbruksetat), regional landbruks- og kulturminneforvaltning, NLR og private entreprenørar
2. Ein må vurdere om nettstaden [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) (vegvisar i kommunal planlegging og miljøforvaltning) kan brukast i denne samanhengen

Forslag til tiltak vedrørande dyrevelferdslova:

1. Fokuset på plassering av fjøs i forhold til beite og tilrettelegging av uteareal for mosjon og beite styrkast i *Kvalitetssystemet i landbruket* (KSL-systemet) på garden, i *System for kvalitetsstyring* (KS-systemet) hos planleggarane, og hos sentrale verkemiddelaktørar som kommune, Fylkesmenn og Innovasjon Norge
2. Tilrettelegging for beite og mosjon vert tilbydd som eige emne i etterutdanning av planleggarar
3. Oppdatering av Mattilsynet sin rettleiing om korleis mosjonsføresegnene skal praktiserast

### Økonomiske verkemiddel

Anbefalingar for betre rammevilkår for auka kvalitet:

1. Temaet nye landbruksbygg og kulturlandskap må inn i nasjonale rammer for dei regionale programma, både bygdeutviklingsprogram, næringsprogram og miljøprogram. Avtalepartane må legge vekt på heilskapleg verkemiddelbruk for landbruksbygg og kulturlandskap, gjennom innretting av Bygdeutviklingsmidla (BU-midla), Regionale Miljøprogram (RMP-midla), samt styrings-signal til kommunane til SMIL-ordninga
2. Styrke finansiering av dei regionale næringsprogramma og fastsette høgare tilskotstak for å sikre kvalitativt betre utforming og tilpassing av landbruksbygg i kulturlandskapet
3. Etablere ei generell ordning i BU-ordninga for økonomisk støtte til planlegging/forretningsutvikling av nye landbruksbygg. Krav om heilskapleg planleggingsprosess før finansiering
4. Tilleggsformål og nye ordningar heimlast i BU-forskrift
5. Styrka finansiering av SMIL-ordninga og utvikling av SMIL-tilskot til utviklingsplan for gardstun, jf. rettleiing frå Troms
6. Auka løyvingar til NLR for å dekke ny etterspørsel etter utvida planleggingsoppdrag

### **Kunnskapsbehov og bevisstgjeriing**

Forslag til tiltak:

1. Ein etablerer eit utvida etterutdanningstilbod for planleggarar av landbruksbygg innan form-giving og innpassing av landbruksbygg i eksisterande bygningsmiljø og landskap
2. NLR bør oppfordrast til å styrke fokuset på bygningsutforming og landskap gjennom prosjekt, styrka bemanning eller på andre måtar, jf. økonomiske verkemiddel
3. Oppretting av nasjonal agroarkitekturpris
4. Rådgivingsapparat og forvaltning på nasjonalt og regionalt nivå må sikre auka fokus på temaet landbruksbygg og kulturlandskap, ved gjennomføring av fagseminar for rådgivingsapparat, offentleg forvaltning og næringsorganisasjonane

## Arbeidsgruppe 2: Ny bruk av ledige landbruksbygg

Arbeidsgruppe 2 arbeidde med å legge til rette for ny bruk av ledige landbruksbygg. Hovudmålet var å stimulere til ny og fortsett bruk av landbruksbygg i det norske kulturlandskapet, med vekt på funksjonalitet, estetikk, kulturhistorie og arkitektur. Bygga skal nyttast både til tradisjonelt landbruk og til nye næringar.

### Organisering og samansetning av arbeidsgruppa

Dei deltakande organisasjonane har delvis skifta representantar i programperioden. Energigården og Fylkesmannen i Østfold trakk seg ut av arbeidet før det blei fullført. Nedanfor er alle som har bidrege i programarbeidet lista opp.

Ole Bakkebø (leiar), Fylkesmannen i Hordaland  
Per Olav Skjøllberg (sekretær), Norsk Landbruksrådgiving  
Lars Alhaug, Norges Bondelag  
Per Harald Agerup, Norges Bondelag  
Sivert Gravem, Innovasjon Norge  
Unni Grønn, Riksantikvaren  
Bård Langvandslie, Riksantikvaren  
Øyvind Nordberg, Fylkesmannen i Østfold  
Anna Næss Rolstad, Energigården

### Arbeidsgruppa si tolking av mandatet og gjennomføring av arbeidet

Arbeidsgruppa sitt oppdrag var å bidra til ny og fortsett bruk av landbruksbygg. Det var eit kommunikasjonsprosjekt med formål å skapa positive og offensive haldningar i heile landet. Gruppa bygde opp ein informasjons- og kommunikasjonsstrategi for bodskapen, retta både mot eigarane av bygningsmassen og mot gruppa sine samarbeidspartnarar. Gruppa si rolle var å bidra til ein prosess i alle fylka i landet, og i dei fleste kommunane, der ein skulle skapa haldningar og nettverk for eigarane, samt utvikle idear og løysingar. Målet var at interessa for, og gjennomføringa av, ombygging og restaurering av bygg i kulturlandskapet skulle hevast betraktelig i femårsperioden.

Prosjektet blei basert på filosofien om vern gjennom bruk, og hadde eit tydeleg element av idé- og næringsutvikling i botn. Gjennom eit velstelt kulturlandskap og ein velhalden bygningsmasse tek landbruksnæringa på seg sitt samfunnsansvar, tek vare på si kulturhistoriske rolle og kommuniserar på ein positiv måte med befolkninga elles, og landet sine reiselivsaktørar. Visjon og målsettingar er gitt att nedanfor.

Visjon: Kreativ næringsutvikling under gamle tak i kulturlandskapet

Hovudmål: Stimulere til gjenbruk av landbruksbygg knytt til både tradisjonelt landbruk og nye næringar, med vekt på idéutvikling, funksjonalitet, kulturhistorie, samfunnsansvar og arkitektur

Delmål:

- Skape interesse, motivasjon, engasjement og samfunnsansvar mellom eigarane av landbruket si bygningsmasse
- Nå fram til dei fleste bygdelag i landet
- Formidle gode idear og utvikle nettverk mellom aktuelle aktørar og opp mot fagmiljø
- Skape haldningar og utvikle kompetanse hos rådgivingstenester, planleggarar, offentleg forvaltning, skular, forskning og utdanningsmiljø (FOU) m.m.
- Identifisere hindringar knytt til gjenbruk, ombygging, bruksendring og utvikle rådgivingsmateriell

- Formidle informasjon til aktørane om relevante rådgivingstenester, finansieringskjelder og kunnskapsmiljø
- Skape samfunnsengasjement og synleggjere dei verdiane som landbruket si kulturarv og kulturlandskap representerer

Arbeidsgruppa ville skape mest mogleg engasjement tidleg i programperioden. Det vart gjort gjennom å skapa publisitet ved å hente inn gode eksempel som allereie var gjennomført og i drift. Det vart teke omsyn til geografisk plassering og aktuelle tematiske problemstillingar. Det vart også søkt etter prosjekt som var i startfasen av byggearbeid eller som var i gang med prosessen. Det gav gruppa moglegheit til å følge og formidle dei ulike fasane i prosessen, og avdekke hindringar undervegs.

## Regionale partnerskapsprosjekt

Fylkesmannen sine landbruksdirektørar og deira regionale partnerskap blei utfordra til å komme opp med prosjekt etter tidlegare omtalte kriterium frå arbeidsgruppa.

Prosessane vart kjørt i to omgangar. For budsjettperioden 2009 og 2010 vart det innvilga støtte til 12 regionale prosjekt, og i budsjettperioden 2011 og 2012 vart det innvilga støtte til 9 søknadar. Det blei også innvilga støtte til eit regionalt prosjekt i regi av Fylkesmannen i Oslo og Akershus. Ei kort vurdering av dei ulike prosjekta er gitt nedanfor.

**Finmark** vektlegg si sær eigenheit gjennom påverknad av samisk, finsk og russisk kultur. Dei fokuserer på å skape engasjement i lokalmiljøa gjennom informasjon og dialog. Fylkesmannen tar rolla som pådrivar i sitt regionale partnerskap.

*Aktivitetar og resultat:* Det blei tatt i bruk fire tomme fjøs til nye aktivitetar i prosjektperioden. Det er vidare satt i gang prosessar på å etablere kulturnæringar i landbruksbygg. Fleire aktørar har meldt interesse. Det jobbast vidare med å lage fotosamlingar med eldre driftsbygningar som tema, og dokumentere nye aktivitetar i desse bygga. Rundt halvparten av planlagde tiltak blei gjennomførte.

**Nordland** har eit svært omfattande prosjekt på gang, med ei kostnadsramme på over 7 mill. kr. Nordland sitt prosjekt blei satt i gang forut for det nasjonale programmet og fylkeskommunen var ein viktig medspelar finansielt og organisatorisk. Nordland valde ein modell med eit knippe utvalde pilotprosjekt, der ein gjekk konkret inn i desse prosjekta med fagleg støtte etc. Dette prosjektet blir no evaluert av eit eksternt organ og rapport vil føreligge på nyåret 2013. Dei valde ei heilt anna tilnærming gjennom førehandsutvalde pilotprosjekt, i kontrast med det nasjonale prosjektet som vender seg til ein "ope marknad av interessentar".

*Aktivitetar og resultat:* Det er gjennomført tre samlingar med fokus på forretningsplan for nye næringar. Prosjektleder har vidare vore på heimebesøk til alle deltakarane med formål å motivere til innsats og å vurdere dei aktuelle og ønska tiltaka. Det er satt i gang investeringar på to gardar, og fleire vil komme etter kvart.

**Nord-Trøndelag** si satsing har god regional forankring, og dei er opptatt av å forsterke og vidareføre prosessar som allereie er sett i gang.

*Aktivitetar og resultat:* Prosjektet har bidrege til detaljplanlegging av vidareføring og utviding av eksisterande næring og utvikling av ny næring på tre gardar i Stjørdal. Det er halde eit ope møte med god deltaking der prosjekta vart presentert. Prosjektet har vidare satt fokus på miljøverdiane dei eldre landbruksbygga representerer i forhold til nye prefabrikkerte industribygg med framand form og materialbruk. Det er vidare halde opne møter på Innherred og i Namdalen der gode eksempel blei presentert saman med fagforedrag knytt til emnet.

Bokverket "Lys i fjøset-liv på låven" er skrevet av tidlegare fylkeskonservator Kolbein Dale og utgitt av Embla forlag. Boka er vederlagsfritt distribuert til alle fylkeskommunar, Fylkesmannsembete, kommunane i Nord- Trøndelag, og ei rekke institusjonar og organisasjonar.

**Sør-Trøndelag** fokuserer på kompetansebygging og skaping av haldningar. Ei målretta rådgiving til utvalde eigarar er eit interessant tiltak i prosjektet. I det regionale nettverket er kommunane spesielt trekt fram som viktige aktørar.

*Aktivitetar og resultat:* Det er gjennomført tre regionale samlingar med temaet: "Bruk og utnytting av gamle landbruksbygg". Samlingane trakk 150 deltakarar. Det er vidare gitt tilskot til kompetansehevande kurs i vindaugsrestaurering. Sju gardsbrukarar har fått tilskot til konsulentbistand i planleggingsprosessen for sitt tiltak.

Siste del av satsinga har vore målretta mot Tydal med fokus på å synleggjere moglegheitene i utmarksressursane og ledige landbruksbygg i kommunen. Det er gitt støtte til individuell rådgiving til gardsbrukarar, det er arrangert informasjonsmøte og studietur.

**Møre og Romsdal** satsar på regionalt nettverk og kompetanseoppbygging. Dei ønsker å støtta eigarar av gardstun med bistand til prosjektering og byggesøknad. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har god regional forankring, betydeleg medfinansiering, og klare tankar om publisering/informasjonspreiing. Prosjektet rettar seg mot driftsbygningar for tradisjonelt landbruk.

*Aktivitetar og resultat:* Det er gitt tilskot til rådgiving for eigarar av landbruksbygg, som ønsker å bygge om sine bygg. Det er og brukt ressursar på å lage ein nettstad med dei gode eksempla på ny og framtidretta bruk av bygga. Konferansen "Ny bruk av gamle løer" hadde 60 deltakarar.

Fylkestinget har vedtatt ei landbruksmelding for Møre og Romsdal. Eit av tiltaka i meldinga omhandlar kulturminne og kulturmiljø. Her heiter det: "Tettere samarbeid mellom kulturminneforvaltningen og landbrukssektoren for å ta vare på bygningene i landbruket. Arbeide for bedre støtteordningar for brukere med verneverdige bygninger".

**Sogn og Fjordane** har tatt inn både ny, samt vidareføring av dagens drift, med i sitt prosjekt, med fokus på økonomi i framtidig drift. Dei planlegg å forankre satsinga i sitt regionale nettverk. Prosjektet har avgrensa omfang, og dei ønsker ein liten og rimelig prosjektorganisasjon. Arbeidet er enda ikkje starta opp.

*Aktivitetar og resultat:* Ingen aktivitetar blei gjennomført.

**Hordaland** fokuserer sterkt på dei juridiske aspekta med restaurering, ombygging og bruksendring etc. Dei har klare ønsker om å satse på kommunikasjon, motivering og haldningsskapande arbeid.

*Aktivitetar og resultat:* Det er halde fire regionale møter med Hordaland fylkeskommune og det nasjonale prosjektet har finansiert ei ordning for faglig og økonomisk støtte for bønder/eigarar av gardsbruk som har planar om å ta fatt på driftsbygningar/våningshus etc. Denne ordninga er administrert av kommunane i fylket.

I dette fylket er det i tillegg satt i gang to delprosjekt som tangerer dei same utfordringane. I fire kystkommunar er det iverksett prosjekt med fokus på nye næringar i fiskarbonden sine bygg. Tilsvarande prosjekt er satt i gang kommunalt på Voss med Vossaløer som tema. Dette prosjektet er knytt nært opp mot Voss kommune sin tunge status innanfor reiseliv og ekstremidportmiljøet. Det er i hovudsak finansiert gjennom kommunale og fylkeskommunale midlar.

Fylkesmannen har saman med forfattar Eva Røyrane og fotograf Oddleiv Apneseth tatt initiativ til å utarbeide eit nasjonalt bokverk med arbeidstittel "Den norske låven-landsbygdas katedraler". Alle Fylkesmenn i landet er bedt om å spele inn forslag frå sine respektive fylker.

Det er innvilga midlar til rådgiving for eigarar av ledige landbruksbygg. Prosessen med å gjere ordninga kjent fortsett vidare gjennom møte og formidling av dei gode eksempla i media.

Voss kommune har starta prosjektet "Ei løe i endring". Første del er ferdig, og det jobbast vidare med utvikling av konsept og forretningsmodellar.

Gjennom dette programarbeidet har det regionale partnerskapet med faglag, fylkeskommune og Innovasjon Norge blitt styrka. Arbeidet har mellom anna resultert i prosjektet "Ny bruk av ledige sjøhus", som har fått egen løyving frå Regionale utviklingsprosessar (RUP). Styringsgruppene for prosjekta samordnar satsinga vidare.



**Kulturbasert næringsutvikling:** Dei gamle sjøhusa langs kyststripa vår har stort potensiale som ledd i reiselivsutvikling, fiske, friluftsliv og sjøsportsaktivitetar. Motiv frå Glesvær, Sund, Hordaland. Foto: Ole Bakkebø.

**Rogaland** legg betydeleg tyngde i nettverksbygging og informasjon i sitt prosjekt. Prosjektet har fokusert på utfordringar og problemstillingar knytt til å etablere ny verksemd i intensive jordbruksområde på Jæren.

**Aktivitetar og resultat:** Det er arrangert folkemøte i Time Kommune med temaet: "Tomme fjøs og ny aktivitet".

**Buskerud** fokuserer delvis på landbrukseigedomar som går ut av produksjon, motivasjonen blant desse til å halde bygga i stand, samtidig som dei er opptatt av økonomi og næringsaktivitet i bygga. Dei ønsker også å oppnå ei brei regional forankring for prosjektet. Fylket ønsker å støtta eigarar av gardstun med hjelp til prosjektering og byggesøknad. Fylkesmannen i Buskerud har god regional forankring, betydeleg medfinansiering, og tankar om publisering/informasjonspreiing.



*Aktivitetar og resultat:* Det er gjennomført regionale mobiliseringsmøte bla. med gardsbesøk der ny bruk av gamle bygg har vore tema.

**Telemark** visar til gjennomførte og pågåande aktivitetar på dette området. Forut for det nasjonale prosjektet sette dei i gang eit prosjekt om "Nytt liv for dei raude låvane midt i Telemark". Dei konsentrerer seg om kompetanseoppbygging for planlegging og utføring.

*Aktivitetar og resultat:* Det vart laga ein omfattande rapport, "Nytt liv for dei raude låvane midt i Telemark", som viser eksempel på større og mindre ombyggingar til fortsett tradisjonell drift eller til ny næringsverksemd i eldre driftsbygningar.

**Østfold** fokuserer på gode eksempel, og det å skape interesse rundt desse.

*Aktivitetar og resultat:* Det er laga ein omfattande rapport som viser eksempel på større og mindre ombyggingar til fortsett tradisjonell drift eller til ny næringsverksemd i eldre driftsbygningar.

**Oppland og Hedmark** sitt prosjekt har ein god tematisk breidde, og fokuserer på seterbygningar. Målet for prosjektet har vore å auke bevisstheita om det økonomiske potensialet som ligg i utnytting av eksisterande bygningsmasse i landbruket, og vise korleis dei antikvariske verdiane kan takast vare på ved ombygging og modernisering av bevaringsverdige landbruksbygg.

*Aktivitetar og resultat:* Det er lagt vekt på å informere om moglegheitene for ny næring i gamle bygg, og det er utført registreringsarbeid for å kartlegge dei gode gjennomførte prosjekta i fylket, samt bygg med potensiale for framtidig utnytting. Det er vidare aktivisert eit nettverk av bygningsvern-rådgivarar.



Hoel Gård, Ringsaker, Hedmark. Driftsbygning frå 1873 og 1874 på ca. 3.000 m<sup>2</sup> med ca. 4,5 daa tak. 60 bygningsarbeidarar holdt på i ca. 2 år. Bygget innehar eit "nytt" kyllinghus på 1.260 m<sup>2</sup>, mens resten nyttast til korntørke med lager, potetlager og eit sorteringsrom. Det tidlegare grisehuset frå 1926 er ombygd til det ein i dag kallar Gårdsmuseet eller Restauranten. På Hoel Gård er no reiselivet den største verksemda blant gardens totalt 4 økonomiske "bein": reiseliv, slaktekylling og jordbruksareal med korn- og potetproduksjon. Dagens marginar innanfor "jordbruksbeina" har ingen moglegheit til å ta vare på dagens bygningsmasse, sjølv på Hoel, ein av Noregs største jordbrukseigedomar. Reiselivet bidreg no til å ta vare på denne delen av kulturen. Bedriftsøkonomisk burde dette vore reve. Tekst av eigar: Vigdis og Per Eilif Sandberg. Foto: Ole Bakkebø.

**Oslo og Akershus** ønsker å etablere eit ressurscenter for eldre landbruksbygg i Oslo og Akershus. Prosjektet er godt regionalt forankra. Det er mange aktørar som bidreg til finansiering av prosjektet. Prosjektet kom seinare i gang enn dei andre.

*Aktivitetar og resultat:* Fokus er å bygge opp eit regionalt kompetansesenter omkring Kvam landbruksskule i samarbeid med fylkeskommunen. Denne prosessen er no i gang. Oslo og Akershus har store moglegheiter gjennom ein stor marknad.

Prosjektet ønsker å bidra til å redusere tap av verdifulle kulturminne gjennom å utvikle næring i eldre landbruksbygg, tilby rådgiving og formidle informasjon om regelverk og finansieringsordningar.

## Programmet sin nettstad

Dei regionale prosjekta skal rapportere på ein måte som gjer stoffet eigna til publisering på programmet sin nettstad ([www.landbruksbygg.no](http://www.landbruksbygg.no)). Dei er spesielt oppfordra til å sende inn bilde og beskrivingar av konkrete prosjekt. Arbeidsgruppene jobbar no med å få lagt ut materiale på nettstaden. Det er viktig at nettstaden vert utvikla og designa slik at den tematisk gjenspeilar dei aktivitetane og prosessane som føregår på dette området i landet. Den bør vere søkbar og brukarvennlig. Denne sida må kunne inneha rolla som idébank, nettverksbygging og prosessrettleiing for aktørar. Det er viktig at aktørane i landbruket får tilgang på ein oppdatert nettstad på dette temaet uavhengig av aktiviteten i eige fylke.

NLR har ansvar for å drifte nettstaden, basert på midlar frå programmet ved styringsgruppa. Styringsgruppa har innvilga midlar til vidare drift av nettstaden i 2013, saman med NLR, og i tillegg har TINE, Nortura og Felleskjøpet Agri alle gitt signal om at dei vil bidra med midlar. Det er viktig at eit organ får eit vidare ansvar for å vedlikehalde og organisere nettstaden. Det er muleg at ein kan splitte denne nettstaden i ombygging av eksisterande driftsbygningar til tradisjonelt landbruk på den eine sida, som organisasjonane har eit ansvar å drifte og oppdatere. Fylkesmenna bør som ledd i si koordinerande rolle på fylkesnivå gjennom embetsoppdraget få eit ansvar for å oppdatere saker fylkesvis. Det må settast av ressursar til eit slikt prosjekt over ein femårsperiode. Prosjektet bør deretter evaluerast.

Gjennom vårt program er det satt i gang prosessar i alle delar av landet der fokuset er på framtidig utnytting og bevaring av landbruket si bygningsmasse og kulturlandskap. Prosessane vil fortsette, og det vil bli behov for nettpublisering i tida etter at programmet er avslutta. For programmet sin del er det viktig at nettstaden inneheld informasjon om potensialet for å nytte bygningskapitalen i landbruket, planprosessane, eigarane sine moglegheiter, rådgivarane, forvaltinga og vernemyndighetene si rolle, samt finansieringskjeldene for programma.

## Rettleiingshefte og bokverk

Handboka "Ny bruk av ledige landbruksbygg" blei utarbeidd i samarbeid mellom Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren i Hordaland, med fleire. Dokumentet er tematisk dekkande for heile landet. Heftet er ei prosessrettleiing som inneheld aktuelle lover og føresegner og beskriv instansar og organisasjonar som tiltakshavarar må forhalde seg til. Arbeidsgruppa har mottatt positive tilbakemeldingar frå brukarar av heftet. Heftet er spreidd til fylker og aktuelle organisasjonar og etatar. Heftet er mykje brukt både som inspirator og oppslagsverk for ulike ledd i ein byggesaksprosess. Heftet er grovmaska når det gjeld prosess, juss og anbefalingar, då det i stor grad er den konkrete søknaden sitt innhald og den enkelte kommune sine haldningar og kommuneplanen sine føresegner som er premissleverandør for utfallet av desse sakene.

Leiar i arbeidsgruppa har fått innpass i riksdekkande og regional presse med bodskap frå programmet. Aktivitetar frå dei regionale prosjekta får god medieoppslutning i lokal og regional

presse. Det er gardsreportasjar frå prosjekt som er satt i gang, og gjennomførte prosjekt, som fortrinnsvis slår an i lokalpressa.

Det er vårt ønske å bidra til utvikling, utgiving og finansiering av eit bokverk med arbeidstittelen "Katedralene i det norske kulturlandskapet". Dette vil bli ei eksempelsamling for stadstypiske og tidstypiske gardsanlegg frå alle regionar i landet. Formålet er å auke fokuset på, og stoltheita av bygg og kulturlandskap, gjennom å profilere dei gode eksempla. Bokverket vil også demonstrere nye næringar i denne bygningstypen landet rundt. Arbeidet er under planlegging, og det blir eit samspel mellom fleire fagmiljø. Sjølv om bidraget frå arbeidsgruppa er lite i samanhengen, håper me at signaleffekta vert positiv. Bokverket vil vere ute på marknaden i 2014.

## Resultat og erfaringar – anbefalingar for vidare arbeid

Bevaring av landbruksbygg er viktig både for kulturarv og for næringsutvikling i distrikta. Totalt dreier det seg i størrelsesorden ein halv million bygg som har mista sin opphavlege funksjon. Mange av desse er verneverdige, andre har si rolle som viktige byggstein i det ulikarta kulturlandskapet i landet. Gjennom dette tiltaket kan me både skape nye næringar og ta vare på kulturarva. Mange av dei "nye" næringane representerer ofte innovasjon og breiddetilvekst i lokalmiljøet samtidig som det styrkar lokalt særpreg og identitet. Innanfor tradisjonelt landbruk kan ideen om gjenbruk og ombygging kostnadmessig vere gunstig for bruket. Vårt ønske er at interessa og aktivitetsnivået skal halde seg på eit høgt nivå og etter at dette programmet er avslutta. Me foreslår at følgande tiltak settast i verk:

- LMD bør i lag med partane i jordbruksoppgjøret vidareføre denne satsinga som ledd i den ordinære landsbrukspolitikken. Både LMD og MD bør styrke eksisterande budsjettpostar til dette formålet
- Det er viktig at det vert bygd opp eit fag- og interesse miljø omkring desse utfordringane på fylkesnivå, der fylkeskommunane både som kulturminnemyndigheit og regional utviklingsaktør blir dradd inn i prosessane. I mange fylker har programmet ført til større samarbeid mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen og andre organ på fylkesnivå, som for eksempel landbrukskular og museum
- Innovasjon Norge si rolle innanfor kulturbasert næringsutvikling må bli enda meir tydeleg og likestilt med andre satsingsområde. Restaurering og modernisering av gamle bygg, som gjerne har ein eller anna form for vernestatus, bør kompenseras med betre offentleg finansiering ved utvikling av ny næringsaktivitet
- Fylkesmenna må gi signal til kommunane om betydninga av bevaring og utvikling gjennom si verkemiddelforvaltning og si rolle i behandlinga av kommuneplanar. Kommuneplanar må byggast opp med sikte på å kunne handtere uforutsette planar om restaurering/bruksendring/påbygging etc. Dette er eit heilt sentralt tiltak i ein situasjon der dispensasjonar frå godkjent kommuneplan no er lite ønskeleg frå sentrale planmyndigheiter. LMD bør vurdere å vidareutvikle "Landbruk Pluss" rettleiaren med sikte på utvide den på dette feltet
- Fylkesmenna bør kunne gi styringssignal til kommunane med tanke på ein meir målretta bruk av SMIL-midlar til byggrestaurering som har perspektiv utover å sikre (ofte marginale og solitære) bygg. SMIL-midlar saman med støtte frå Innovasjon Norge kan bidra til ein god offentleg investeringspakke for gjenbruk og næringsutvikling i verneverdige landbruksbygg
- Oppgradering av konsulenttenestane, medrekna vurdering av moglegheit for finansiering av førsteråd til eigar og byggherrar, bør prioriterast. Dette er delvis under utprøving i regionale prosjekt. Tiltaket ser ofte ut til å vere utløysande for ønska aktivitet. Dette vil i seg sjølv styrke fagmiljøet omkring desse temaa, utvikle handtverksteknikkar, lokal produksjon av innsatsfaktorar og skape betre rådgivingstilbod. Fylkesmenna bør få styrka SMIL-potten med midlar som er øyremerka enkle utredningstiltak som tilstandsrapport, verneomsyn, enkle kostnads-overslag, ev. idéutvikling og påkravd "myndighetsløype". Tilstrekkeleg ressursforbruk kan vere eit dagsverk gjennomført av ein kompetent fagperson delfinansiert med eigenandel frå grunn-

eigar. Dette er prøvd i nokon prosjekt og det kan bidra til å skape grunnlag for avgjersler for den enkelte grunneigar

- Det er etablert gode relasjonar mellom dei ulike aktørane på fylkesnivå; (Fylkesmann, fylkeskommune, bondeorganisasjonar, museum, arkitektar, NLR m.m.) i mange fylker undervegs i denne prosessen, som har resultert i interne avklaringar, samarbeid, eksterne kurs, felles strategiar og ei rekke andre tiltak. Me anbefalar at det over en femårsperiode frå LMD og MD settast av midlar til å vidareutvikle dette samarbeidet på regionalt nivå
- Det bør haldast kurs for kommunal forvaltning for å heve kompetansen på feltet: plan- og bygningslov (bruksendring/ombygging, byggesaksbehandling, dispensasjonstilgang, planjuss) kulturminnelova, jordlova etc. for å sikre kompetent og lik behandling innan og mellom kommunar. Nokre fylke har tatt fatt i denne problemstillinga. Det er avgjerande og viktig at potensielle søkarar blir møtt positivt, kompetent og løysingsorientert i sin kontakt med kommunen
- Kommunane bør oppfordrast av statlege myndigheiter til å vurdere bruk av byggessaksgebyr når det dreier seg om å ta vare på felles kulturarv og kulturhistorisk viktige bygg for framtida. Økonomien i desse prosjekta er i utgangspunktet ofte svak og det er demotiverande for mange å bli møtt med krav om offentlege gebyr. I særleg grad gjeld det når utfallet av saksbehandlinga kan vere avslag på søknaden
- Arbeidsgruppa er kjend med at det over tid har føregått ein diskusjon omkring momsproblematikk knytt til desse sakene, og det er openbart ei rekke vanskelege avvegingar som må handterast. Tida er likevel inne for at det samla offentlege avgiftsregimet blir satt under lupa dersom det er ønskeleg med større innsats for å berge kulturhistoriske miljø og bygg gjennom ny næringsutvikling
- Mange av desse sakene vil utløyse krav om dispensasjonssøknad frå eksisterande kommuneplan. Det vil ofte innebere krevjande og langvarige prosessar innanfor kommunal forvaltning og påfølgande høyringar frå statlige og fylkeskommunale organ. I den grad ein legg til grunn at mange av desse prosjekta er ønskeleg av samfunnet å få gjennomført, er det viktig at det kan leggjast opp smidige prosessar når det gjeld byggesaksbehandling, tekniske krav, dispensasjonsbehandling etc. Desse utfordringane bør kunne løysast innanfor kommuneplanen sin arealdel

Direktoratet for byggkvalitet sette i gang eit revisjonsarbeid på temarettleiaren for landbruksbygg etter at plan- og bygningslova blei endra i 2010. Dette arbeidet har no stoppa opp. Det er uheldig for alle som arbeidar med planlegging og oppføring av landbruksbygg. Ikkje minst er det uheldig for landbruket at det ikkje finst eit klart regelverk på korleis brannomsyn, konstruksjonssikkerheit, energiomsyn etc. skal takast vare på på ein forsvarlig måte. Det er viktig at dette vert fullført.

I mars 2013 planlegg arbeidsgruppa å arrangere eit erfaringsseminar for dei fylka som har hatt aktivitetar i programperioden. Oppsummering av dette seminaret vil kunne gi nye innspel til dette arbeidet.

Dei regionale partnarskapa seier i sine sluttrapportar at dei har satt i gang mange prosessar med brei involvering av ulike aktørar. Det er satt fokus på både den samfunnsmessige og den næringsmessige verdien av at våre landbruksbygg blir tatt vare på for framtida. Dersom me skal klare å ta vare på kulturarva vår, som landbruksbygg og kulturlandskap er ein viktig del av, er me avhengige av at bygga er i aktiv bruk. Me må fortsette å marknadsføre dei gode eksempla slik at andre kan finne inspirasjon i det som er gjort og ta del i erfaringar som er hausta i dei gode prosjekta.

Programmet *Landbruksbygg og kulturlandskap* har satt fokus på verdien av bygningsmassen i landbruket. Det er skapt stoltheit blant eigarane, og ikkje minst har programmet frambrakt ei betydeleg mobilisering frå mange personar og aktørar i alle regionane i landet. Me håpar at desse prosessane skal fortsette, og at aktørane skal vere motivert til å fortsette arbeidet sitt lenge etter at dette programmet er avslutta.

## Arbeidsgruppe 3: Kulturhistorisk viktige landbruksbygg

Arbeidsgruppe 3 arbeidet med å utvikle metode og retningslinjer for kartlegging av kulturhistorisk viktige landbruksbygg.

### Organisering og samansetning av arbeidsgruppa

- Tore Bjørkli (leiar), Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
- Sebastian Eiter (sekretær), Norsk institutt for skog og landskap
- Sverre Steinnes, Riksantikvaren
- Jon Gunnar Weng, Landbrukskontoret for Hobøl, Spydeberg og Askim
- Aadne G. Sollid, Aust-Agder fylkeskommune
- Espen Sveen (2009-2010), Fylkesmannen i Sør Trøndelag
- Kari Stensgaard (2009), Norsk institutt for skog og landskap
- Randi B. Sjølie, Sametinget (høyringsfråsegn 2011)

### Arbeidsgruppa si tolking av mandatet og gjennomføring av arbeidet

#### Tolking av mandatet

Ifølge tal frå Statistisk sentralbyrå er det ca. 1 million bygg fordelt på vel 170.000 landbruks-eigedomar i Noreg. Omlag 220.000 av desse bygga, ca. 22 %, er registrert i SEFRAK (SEkretariat For Registrering Av faste Kulturminne), noko som vil seie at dei hovudsakleg stammar frå perioden mellom 1537 og 1900. Bygga på landbrukseigedomar utgjer omlag 61 % av alle bygg som ligg i denne databasen. Vidare ligg vel 40 % av alle freda bygg i Noreg på landbrukseigedomar. Det er registrert 44.770 brukseiningar i drift per 31. juli 2011 (tal på søknader om produksjonstilskot).

Tatt i betraktning det samla talet bygg på landbrukseigedomar, ser arbeidsgruppa det som viktig å jobbe ut i frå ei antaking om at det kan vere nødvendig med ein utvalsregistrering i staden for ein heildekkande registrering av bygg. Forholdet mellom talet aktive gardsbruk og talet bebygde landbrukseigedomar tilseier at registreringssystemet ikkje bør avgrensast til aktive bruk. Samtidig ser gruppa det som viktig å heller ikkje avgrense registreringane verken til allereie freda bygg eller til ein tidsperiode som f.eks. i SEFRAK-registeret. Med bakgrunn i programmet sitt tema "Landbruksbygg og kulturlandskap" skal registreringa fokusere på bygga sitt ytre framfor interiøret.



Gardsanlegg i ulike kulturlandskap – Røros sentrum og Jostedalen i Luster. Foto: Sebastian Eiter, Skog og landskap.

## Strukturering av arbeidet

Grappa sitt arbeid kan delast inn i seks hovudtema:

1. Orienteringsfase (litteraturgjennomgang, gjesteforedrag): tidlegare prosjekt for registreringsopplegg, kulturhistorisk verdisetting av bygg, aktuelle prosjekt
2. Metode: Utarbeide registreringsrettleiar
3. Datainnsamling: Pilotregistreringar i fire kommunar
4. Datalagring og forvaltning
5. Praktiske og jordbrukspolitiske anbefalingar
6. Synfaring i alle landsdelar

## Eksisterande registreringssystem

Arbeidsgruppa begynte med å skaffe ei oversikt over tidlegare prosjekt på feltet, både nasjonalt, regionalt og lokalt. Prosjekta som virka særleg interessante blei lagt fram for arbeidsgruppa, oftast av eksterne foredragshaldarar som sjølv hadde jobba med desse prosjekta. Det var to registreringssystem som utpeikte seg til å gå vidare med. Det eine systemet var SEFRAK-registeret, det andre var Kulturminne i kommunen. SEFRAK-registeret er tilpassa behovet for grundig og kvantitativ informasjon og krev ein god del fagkunnskap for å kunne handterast. Kulturminne i kommunen er eit utprega lavterskelsystem. Dette systemet skal altså kunne brukast med få forkunnskapar og passar dermed mandatet sitt ønske om dette, men det inneheld til gjengjeld ein større del kvalitative data som er noko meir krevjande å forvalte i databasar.

## Kulturhistorisk betydning

Arbeidsgruppa har sett på ein del ulike verdsettingssystem for bygg og kulturminne generelt, og føreteke drøftingar i medhald til mandatet. Grappa har vurdert det som mest hensiktsmessig å bruke Riksantikvarens vernestrategi «Alle tiders kulturminne» (2001)<sup>1</sup> som grunnlag. Kulturminnet sin verdi vert her delt i kunnskaps-, opplevings- og bruksverdi. Kulturhistorisk verdi fell inn i kategorien kunnskapsverdi. Denne vert evaluert etter dei fire kriteria: representativitet, samanheng og miljø, autentisitet, og fysisk tilstand. Registreringsskjemaet skulle derfor utviklast slik at informasjon om desse kriteria blir samla inn.



**Ulik grad av autentisitet: Eldre våningshus med nyare påbygg i sveitserstil (Askim) og hus i tilsynelatande original tilstand (Luster). Foto: Sebastian Eiter, Skog og landskap.**

Lokale prosjektleiarar vil måtte treffe utval før registreringar (og ev. etterfølgande verdivurderingar) har funne sted. Arbeidsgruppa har da valt å prioritere på følgande måte:

---

<sup>1</sup> Riksantikvaren si handbok «Kulturminner i kommunen: Håndbok for lokal registrering» (2012, revidert utgave) bygger på denne vernestrategien.

1. Heile gardsanlegg skal registrerast, ikkje berre enkeltbygningar. Dette inkluderer alle bygg, og enkeltståande utanom tun, som f.eks. løer og bygg i utmarka (setrer m.m.)
2. Utvala skal vere representative, først og fremst kvalitativt, det vil seie å vise fram breidda av landbruksbygningane si kulturhistorie i kommunen. Deretter, dersom mogleg, kvantitativt i den forstand at talet på visse typar anlegg og bygg i utvalet gjenspeiler deira del av kommunen sine totale landbruksbygg
3. Bygg i samanhengande miljø (tun) skal gi større utslag for registrering enn enkeltbygningar

Arbeidsgruppa legg også vekt på at lokal prosjektleiing aktivt oppsøker aktuelle eigarar som kanskje ikkje ville ta kontakt dersom deltaking i registreringsprosjektet var basert på ei open utlysning. Gruppa ønsker også å påpeke at når innsamla registerdata seinare nyttast f.eks. til prioriteringar for innvilgning av finansiell støtte, vil ei verdivurdering ikkje utelukkande vere grunna i sjølv objektet, men og i konteksten. For eksempel vil då representativitetsverdien avhenge av om og ev. kor mange slike bygg eller anlegg som allereie har fått støtte. Dessutan kan det vere hensiktsmessig å ta eigaren si interesse og engasjement i saken med som eit kriterium for praktisk gjennomføring av bevarings- eller restaureringstiltak.



Istandsetting av gamle og store bygg er ofte veldig ressurskrevjande. Lokale eigarar sitt engasjement og tilgang på både godt materiale og gode handverkskunnskap er derfor uunnverlege (eksempel frå Melhus). Foto: Sebastian Eiter, Skog og landskap.

## Kartlegging

### Registreringsrettleiar

I forkant av pilotregistreringane i kommunen har arbeidsgruppa utarbeidd eit rettleiingshefte (vedlegg). Dette blei lagt fram for styringsgruppa og sendt på høyring til Sametingets kulturminneforvaltning som opphavleg var tenkt å vere representert i arbeidsgruppa.

### Utval av pilotkommunar og kursing av lokale prosjektleiarar

Ifølge mandatet var det viktig for arbeidsgruppa at registreringsmetoden tok omsyn til dei store geografiske variasjonane i landet. For å finne ut om me lyktast med dette ønska arbeidsgruppa å prøve ut metoden i ulike landsdelar. Med tanke på økonomi og kapasitet bestemte arbeidsgruppa seg for fire kommunar i fire ulike landsdelar. Det var også viktig for arbeidsgruppa at bygningsmassen i kommunane ikkje berre var forskjellig frå dei andre kommunane i pilotregistreringa, men og var typisk for eit større område. Vidare skulle det helst vere ei viss interesse eller entusiasme, og ikkje minst kapasitet, i den lokale landbruksforvaltninga til å leie registreringsarbeidet og støtte registratorar under feltarbeidet.

Det føltes naturlig å be den kommunale landbrukssjefen i arbeidsgruppa om eit forslag blant dei tre kommunane som hans kontor har ansvaret for (Austlandet). Like så blei landbruksdirektøren i gruppa bedt om eit forslag i fylket som hans etat er ansvarlig for (Midt-Noreg). Sekretæren i arbeidsgruppa blei så bedt om å ta kontakt med to landbruksdirektørar (Vestlandet og Nord-Noreg), og be dei om å komme med anbefalingar på kommunar i dei respektive fylka. Landbrukskontora i dei føreslåtte kommunane blei førespurd og takka ja til å vere med i pilotregistreringa. Pilotkommunar for registreringsarbeidet blei Askim i Østfold, Hemnes i Nordland, Luster i Sogn og Fjordane og Melhus i Sør-Trøndelag. Arbeidsgruppa innvilga kvar kommune eit tilskot på 100.000,- til å få gjennomført og innrapportert registreringsarbeidet. Arbeidet skulle omfatte alle bygg på minst 20 gardsanlegg per kommune. Før oppstart av registreringane arrangerte arbeidsgruppa eit dagskurs i bruken av rettleiarhefte og registrerings skjema for to representantar frå kvar kommune.

## Resultat og erfaringar

Dei fire pilotkommunane leverte kvart sitt sett med utfylte registrerings skjema og kvar sin erfaringsrapport til arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa ønsker under å trekke fram sentrale punkt frå desse.

### Kommunane sine val av anlegg, registrator(ar), tal på registreringar og tidsbruk

Dei fire kommunane valde ulike framgangsmåtar for utval av anlegg for registrering. I Askim og Melhus blei det halde møte med representantar for ulike fagområde i kommunen, historielag og bondelag. I Melhus blei ein einig om ei liste med åtte såkalla hovudtypar av gardsanlegg som skulle vere representert i materialet. I Hemnes var det først og fremst landbrukssjefen sjølv som laga ei liste over anlegg han meinte burde bli registrert. Han viste til relativt djuptgåande kunnskap om bygningsmassen gjennom fleirårig erfaring med tildeling av SMIL-midlar, til ein egen kommunal landskapsområdeinndeling, og til drøftingar rundt både tidsepokar og funksjonelle samanhengar mellom anlegg, som f.eks. tundeling. Den endelige slutninga skjedde så i samråd med fylkeskommunen si kulturvern avdeling. I Luster la man vekt på at ulike funksjoner på anlegg var representert så vel som ulik grad av aktuell busetting. Melhus har dessutan brukt lokalavisa til å gjere registreringsprosjektet kjent i kommunen på ein veldig god måte.

Kommunane valde og ulike løysingar når det gjaldt registratorar (kven som utførte feltarbeidet). I Askim samarbeida historielaget med ein erfaren fylkesagronom i bygningsteknikk, i Hemnes sto den kommunale landbrukssjefen sjølv for registreringane, i Luster blei det leid inn to prosjektmedarbeidarar i kommunen med faglig bakgrunn i bl.a. etnologi som samarbeida med historielaget, og i Melhus blei registreringsoppdraget tildelt ei handverksbedrift.

Data frå til saman 90 gardsanlegg (19-29 per kommune) med 730 bygg (99-350 per kommune) har blitt innlevert til analyse. Dei 730 bygga var fordelt på 642 ståande bygg og 88 tufter, derav 83 i Luster og 5 i Hemnes. Gjennomsnittleg tal på enkeltbygningar per gardsanlegg varierte mellom 5,0 og 6,4 i Askim, Melhus og Hemnes, mens talet var hele 15,9 i Luster. I Hemnes har også samisk bygningsmasse vore del av registreringane.


Gjennomsnittleg arbeidstid som blei brukt på registrering av eit anlegg inkl. alle bygg varierte mellom 12 og 20 timar (tal frå Hemnes, Askim og Luster).

### Eigenskapar ved registrerte bygg og drøftingar rundt data

#### *Alder: Ein tendens til det gamle?*

Av alle registrerte ståande bygg blei 48 % oppført på 1900-talet (Figur 1 på neste side). 36 % av bygga var eldre, og 3 % yngre, dvs. frå 2000-talet. Alderen på 13 % av bygga blei ikkje nærmare spesifisert enn at dei er yngre enn frå 1537. Det faktum at så vidt over halvparten (51 %) av bygga på gardsanlegg som oppfattast for å vere kulturhistorisk viktige er frå tida etter år 1900, illustrerer viktigeita av å utvide registreringstidsrommet samanlikna med SEFRAK-registeret.






Figur 1: Fordeling av dei 642 ståande bygga på aldersklassar (Ill.: K. Stuberg).

Delen av SEFRAK-bygg i materialet var 31 %. Dette er langt høgare enn gjennomsnittet av talet på SEFRAK-bygg på landbrukseigedomar skulle tilseie (22 %, jf. tolking av mandatet). Det er imidlertid ei relativt stor spreining, frå 23 % i Askim til 43 % i Melhus. Denne spreinga kan igjen skuldast ulike forhold som ikkje kan bedømmast utan vidare, men som me ønsker å nemne nokon av. For det første må ein ta forbehold om at arbeidet i forbindelse med etablering av SEFRAK-registeret blei utført med ulik grundigheit i ulike delar av landet. Utover det veit me ikkje om delen av registrerte SEFRAK-bygg i kommunane faktisk er representative for kommunane. Dersom dei ikkje er det, kan det verke som om det er ein tendens til å inkludere anlegg med eldre bygg i registreringane framfor nyare. Arbeidsgruppa vil derfor påpeike at det er viktig å ikkje la "museumsanlegg" ta overhand i utvalsmaterialet, med mindre dei faktisk er overrepresentert blant alle anlegga i ein kommune.

### Noverande funksjon: Relativt liten!


Den hyppigaste "bruken" som blei registrert blant dei ståande bygga i materialet var "ubrukt" (25 % av alle ståande bygg), etterfølgt av "Lager" (19 %) som nok i mange tilfelle må antakast å vere ein meir passiv enn aktiv bruk (Figur 2). Dermed må me gå ut i frå at nærmare halvparten av alle ståande bygg på gardsanlegg som oppfattast å vere kulturhistorisk viktige, ikkje lenger innehar har nokon (nemneverdig) funksjon.



Figur 2: Noverande funksjon for ståande bygg. (Ill.: K. Stuberg).

### Tilstand: Avhengig av registrator?

Bygningstilstand blei delt inn i fem kategoriar: 1. God (vanleg vedlikehaldsbehov), 2. Begynnande forfall (moderate tiltak nødvendig), 3. Framskrede forfall (omfattande tiltak nødvendig), 4. Ruin (istandsetting umogleg) og 5. Usikker/uavklart. Her er det relativt tydelege forskjellar mellom dei ulike kommunane (Figur 3).



Figur 3: Prosentvis fordeling av tilstandsgrad på registrerte bygg i dei fire pilotkommunane (Ill.: K. Stuberg).

Det er viktig å vere klar over at desse forskjellane ikkje nødvendigvis skuldast faktisk ulik tilstand på den utvalde bygningsmassen, men at registratorar sin bakgrunn og kan spele inn. F.eks. skil Melhus seg ut med ein relativt lav del av bygg i god stand, ein relativt høg del av bygg i begynnande forfall og ingen bygg der istandsetting vert vurdert til å vere umogleg. Samtidig har Melhus vore den kommunen der ein handtverkar har stått for registreringane. Da kan det tenkast at vedkommande har vore spesielt flink til å oppdage "skjulte" feil, eller har vore meir kritisk til å sette grensa mellom behovet for kun vanleg vedlikehald og moderate tiltak, eller at han, på grunn av sin eigen kompetanse og evne, ikkje såg grunn til å erklære eit bygg for å vere umogleg å sette i stand. Poenget her må vere at me ikkje kjenner til dette nøyaktig, og at det derfor vil vere feil å samanfatte tal for dette kriteriet utover kommunegrensar. Innanfor kommunane kan det derimot vere viktig å ha samanlignbare vurderingar. Derfor anbefalar me at kommunale registreringar enten gjennomførast av ein og same person, eller at det utviklast ei felles forståing for synfaring av bygg samt bruken av tilstandskategoriene i byrjinga av arbeidet.

Dessutan gir både Askim og Melhus i sine respektive rapportar uttrykk for kor god nytte prosjekta har hatt av å involvere spesielt bygningskyndige personar, og framhevar behovet for å ha noko basis-kunnskap. Når ein f.eks. ikkje har moglegheit til å tidfeste eit bygg ved hjelp av dendrologisk (tre-ringbasert) analyse, er det detaljer som f.eks. lafteteknikk som kan gi verdifulle indikasjonar til ein registrator med noko kunnskap om dette. Arbeidsgruppa vil derfor anbefale å bruke fagkompetanse i den grad den måtte vere tilgjengelig lokalt, og dermed ta ein viss avstand frå mandatet sitt noko radikale krav om eit registreringsopplegg som kan gjennomførast heilt utan fagkunnskap.

### **Funksjon kopla til tilstand: Alarmerande!**

Ei kopling av noverande funksjon og tilstand på bygg kan gi informasjon om bevaringa av den kulturhistoriske bygningsarva i landbruket faktisk må seiast å vere i fare. Mens 95 % av dei registrerte våningshusa blei sett på som i god stand, gjeld dette for berre så vidt over to tredjedelar av lagerbygningar og einheitslåvar, men berre 39 % av dei ubrukte bygga (Tabell 1). Dette faremomentet med tanke på bevaring av bygningsmasse blei og trekt fram i fleire erfaringsrapportar.

<b>Funksjon</b>	<b>I god stand</b>
Våningshus	95 %
Anna landbruksbygning	87 %
Garasje/vognskjul	83 %
Bustadhus for andre formål	72 %
Lager	69 %
Einheitslåve	68 %
Ubrukt	39 %

**Tabell 1: Del av bygg i god stand, etter noverande funksjon (kun funksjon som gjeld minst 20 bygg i materialet er tatt med).**

### **Kommunane si erfaring med registreringsarbeid: Kunnskap skapar interesse!**

Kommunen har gjort ulike erfaringar med bruk av skjema og rettleiar. Tilbakemeldingar av teknisk art angåande den valde filtypen for skjema og denne typen eigenskap vel me å sjå vekk i frå, i og med at det ikkje har vore meininga å bruke denne typen filer i en større skala. Innholdsmessig skryt Melhus av omfanget av skjema ut i frå ein bygningskyndig sin ståstad, men peiker på nokon manglar knytt til ytre detaljar og interiør av bygga som ville tatt lite ekstraarbeid å registrere, når ein først var på feltarbeid. Arbeidsgruppa valde likevel heilt bevisst å la ytre detaljar som vindaug og ikkje minst interiør stå utanfor, fordi heile utviklingsprogrammet fokuserer på bygg og landskap, og dermed legg opp til både eit litt grovare detaljnivå og eit fokus på det ytre framfor det indre av bygga. Luster foreslår ei liste over tilhøyrande bygg på anleggsskjemaet, i lys av at det favoriserte instrumentet for dataforvaltning for augneblinken krev at registreringar av anlegg og bygg vil ligge på eit og same nivå (sjå nedanfor). Dessutan vert det etterlyst ein kategori for andre funksjonar, som kan dekke f.eks. skular og hotell lokalisert på gardsanlegg.



**"Detektivarbeid" for registratorar: Skifertaket er ikkje originalt (Melhus), og Findalslaft blei kun bygd før svartedauden (Setesdal). Foto: Sebastian Eiter, Skog og landskap.**

Når det gjeld anna datamateriale enn sjølve skjema og rettleiar som blei brukt under registreringane, nemnes det avvik i forhold til eksisterande SEFRAK-data i nokon erfaringsrapportar. For prosjektet i Luster blir det dessutan framheva ei stor nytte av lokalhistorisk litteratur og eldre kart (mogleg økonomisk kartverk) for ei fullstendig registrering. Dialogen med eigarane av dei registrerte anlegga

ser ut til å ha vore varierende med tanke på deira kunnskap og interesse. Det har ikkje alltid vore like lett å finne ut noko om eigar sine framtidsplanar for bygningsmassen, sjølv om det nok kan ha avgjerande betydning for framtidig forfall eller vedlikehald og rehabilitering. Ein grunn til dette kan vere ein generell skepsis ovanfor mogleg freding av bygg ved lov. På den andre sida rapporterer Melhus om at dialog mellom registrator (handtverkar) og eigar har ført til at eigar har fått ei mykje betre forståing for kva som faktisk bør gjerast for å halde eit bygg vedlike, at det var mykje mindre enn kva eigaren hadde frykta, at det enda var veldig god tid til å gjere det, og at registreringa såleis kan ha bidrege til at eit bygg vert bevart som elles kanskje hadde blitt ståande til forfall. Med andre ord kan betre kunnskap auke både interessa og viljen til å gjere ein innsats!

I erfaringsrapportane blir det vidare nemnt planar for oppfølgingsarbeid lokalt, f.eks. kva for anlegg i Hemnes som også med fordel kunne vore inkludert i registreringar, og lokalt rettleiingsmateriell for f.eks. typiske trøndertun i Melhus.



Litt uvanleg bygningstype på gardsanlegg – lysthus i hotellhage (Luster), og ein bilgarasje bygd på 1920-talet og utelukkande for bemidla laksefisketuristar (Hemnes). Foto: Sebastian Eiter, Skog og landskap.

### Refleksjon og kritiske faktorar

Ut i frå erfaringsrapportane samt personlig dialog med sentrale personar i dei fire ulike pilotkommunane verkar det som om utvalsregistreringa i medhald til rettleiaren har fungert såpass godt at den kan vere realistisk å få gjennomført nasjonalt. I lys av både resultatane frå pilotregistreringane og kommunane sine erfaringar ønsker arbeidsgruppa å påpeike tre faktorar som ser ut til å vere kritiske for å få til ei vellykka registrering av kulturhistorisk viktige landbruksbygg:

1. Lokal forankring: kommunal landbruksforvaltning er styrande, lokalt engasjement og entusiasme
2. Fagkompetanse
3. Ikkje berre museumsbruk

### Dataforvaltning

Arbeidsgruppa har gitt ein prosjektmedarbeidar hos Riksantikvaren oppdraget å teste registerdata frå pilotkartlegginga i ulike eksisterande databaseløysingar, og komme med ei anbefaling for langsiktig lagring og forvaltning av nasjonale registerdata om kulturhistorisk viktige landbruksbygg. Rapporten blei lagt fram for arbeidsgruppa i juni 2012. Den omhandlar Matrikkelen/SEFRAK, Askeladden og Kulturminnesøk. Etter ei avveging av fordel og ulempe med dei nemnte systema er det Kulturminnesøk som blir utpeikt som det mest eigna og framtidsretta alternativet. Ved dette systemet blir det nemnt ein del eigenskapar som representerer essensielle svakheiter for bruk i kulturhistorisk viktige landbruksbygg sin samanheng. Følgande punkt som framkjem i denne fagrapporten ønsker me å ta spesielt fram:

- Etablere "Kulturhistorisk viktige landbruksbygninger" som nasjonalt einskapleg prosjektnamn for alle innleggingar i medhald til prosjektets spesifikke krav
- Legge inn anlegg som element på lik linje med bygga for å kompensere for mangel på ulike registreringsnivå
- Sørge for innleggingsmoglegheit av meir bygningsteknisk informasjon
- Opprette eit felt som er skjult for vanlege brukarar av systemet, f.eks. angående bygga sin tilstand, vektig og verdivurdering
- Skape moglegheit for import og eksport av data, samt søk

Som konsekvens av Kulturminnesøk som system for datalagring- og forvaltning anbefalar me og å bruke tilhøyrande "Kulturminne i kommunen: Håndbok for lokal registrering" til innsamling av data. Her vil det krevjast eit kortfatta tillegg som er spesielt mynta på registrering av kulturhistorisk viktige landbruksbygg. Dette tillegget bør lagast med utgangspunkt i rettleiaren som vart brukt under pilot-registreringane (vedlegg) samt punkta som har blitt nemnt under "Resultat og erfaringar". For å få eit optimalt tilpassa og mest mogleg oppdatert resultat, vil utarbeidinga måtte skje parallelt med tilpassingane i Kulturminnesøk, dvs. etter at slutninga om å sette i gang nasjonal registrering er tatt. Medlem i arbeidsgruppa er villige til å fungere som støttespelarar under dette arbeidet.

Vidare bør innhaldet i Kulturminnesøk koplatt til Skog og landskap sine nettbaserte kart- og innsynsverktøy "Gårdskart" og "Kilden-til arealinformasjon". Ein eigna *Web Map Service* (WMS-teneste) er under arbeid ifølge redaktøren for Kulturminnesøk. Dette vil sørge for ei automatisk rapportering utan tillegg i byråkrati for dei fleste aktive gardsbrukarar som nyttar nettopp eit av dei to nemnte verktøya til å framskaffe kartvedlegg til Bondens miljøplan trinn 1. Samtidig fungerer verktøya for dei fleste eigedomar i hele Noreg, uavhengig av om de er knytt til landbruksaktivitet eller ikkje.

### Landbrukspolitisk implementering

Arbeidsgruppa har gitt fagpersonar ved Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Norsk institutt for skog og landskap (Overvakingsprogrammet 3Q/TReKu, Tilstandsovervakning og Resultatkontroll i jordbrukets KULTurlandskap) oppdraget å foreta ein gjennomgang av eksisterande støtteordningar, og diskutere ev. nye støtteordningar for å få registrert og tatt vare på kulturhistorisk viktige landbruksbygg nasjonalt. Rapporten blei overlevert til arbeidsgruppa i oktober 2012. Den inneheld ein gjennomgang av dei nasjonale, regionale og lokale støtteordningane areal- og kulturlandskapstilskot, Husdyrtilskot, Bygdeutviklingsmiddel og investeringsstøtte, Landbrukets utviklingsfond (UNESCO-verdensarvområde, spesielt utvalde kulturlandskap), Riksantikvarens støtte til bevaring av freda bygg, Norsk kulturminnefond, Bondens miljøplan, RMP- og SMIL-midlar.

Av dei ovannemnte ordningane er det kun Riksantikvarens støtte, Norsk kulturminnefond, kulturminnevernmiddel i fylkeskommunane (f.eks. tilskotsordning til freda og verneverdige bygg i Aust-Agder) og SMIL-midla som famnar bygg som ikkje er knytt til aktive gardsbruk. Med tanke på ein oversiktig struktur nasjonalt vil arbeidsgruppa derfor argumentere for at det er desse ordningane som bør sikrast tilstrekkelege midlar til å nå nasjonale mål om bevaring og restaurering av kulturhistorisk verdifulle landbruksbygg. Ikkje minst kastar rapporten lys på kva som skal til for å opprette ein nasjonal database over kulturhistorisk viktige landbruksbygg og halde den oppdatert. Her vert det vurdert eingongsutbetalingar, kontinuerlige utbetalingar og "naturalytingar" i form av f.eks. konsulenttenestar eller rabatterte kurstilbod som moglege alternativ.

### Oppsummering og forslag til vidare arbeid

Basert på eigne drøftingar, pilotkommunane sine erfaringar og innhenta fagrapportar anbefalar arbeidsgruppa følgjande framgangsmåte for ei nasjonal iverksetting av eit registreringssystem for kulturhistorisk viktige landbruksbygg:

1. Gi Riksantikvaren, ev. i samarbeid med f.eks. Skog og landskap, oppdrag om å vidareutvikle Kulturminnesøk til eit eigna dataforvaltningsverktøy, både innholdsmessig og teknisk. Ta omsyn til punkta nemnt under "Dataforvaltning" samt grunnlagsrapport
2. Få utarbeidd ein kortfatta rettleiar for kulturhistorisk viktige landbruksbygg som eit tillegg til Riksantikvaren si handbok for lokal registrering av kulturminne i kommunen. Ta utgangspunkt i rettleiar og skjema for pilotkartleggingar (vedlegg) samt punkt nemnt undervegs i "Resultat og erfaringar". Bruk gjerne kompetanse frå denne arbeidsgruppa
3. Gjennomføre registreringar nasjonalt i regi av kommunal landbruksforvaltning. Tilby eingongs-premiar per anlegg og bygg til kommunane for å foreta og databehandle registreringane
4. Prioritere eigarar av registrerte bygg og anlegg med rådgiving av etablerte kunnskapsnettverk, f.eks. regionale bygningsvernssenter. Ev. støtte tilsvarende utdanningstilbod regionalt (politisk og/eller økonomisk)
5. Bruke registerdata i forbindelse med prioritering av tilskot via SMIL, Riksantikvaren/fylkeskommunen og Kulturminnefondet (Jf. anbefalingar for finansiering i NILF og Skog og landskap sin rapport)
6. Etablere ei rutine for vedlikehald av registerdata, f.eks. revidere og ev. ajourføre registreringane, og oppdatere databasen kvart 5. år. Følg opp og rapportere tilgang og avgang på bygg, dessutan utvikling i tilstand (per kommune, fylke og nasjonalt)

## Takk

Arbeidsgruppa ønsker å rette ein stor takk til LMD ved styringsgruppa for programmet for eit veldig interessant og lærerikt oppdrag, til landbrukssjefane og alle andre som var involvert i pilotregistreringane for eit utmerka samarbeid og, ikkje minst, til alle eigarane av kulturhistorisk viktige bygg, museumsansatte m.m. som velvillig har vist oss inn på sine eigedomar og delt sine tankar og erfaringar med oss. Utan dykk alle hadde ikkje dette programmet vore like vellykka!



«Arbeidsgruppe 3» (f. v.): Steinnes, Weng, Sollid, Bjørkli, Eiter. Foto: Håkon M. Bjerkan.

## Styringsgruppa sine anbefalingar om vegen vidare

Styringsgruppa er svært godt nøgd med arbeidet som er utført i dei tre arbeidsgruppene. Det har vore stort engasjement, og mange gode tiltak er blitt fremma. I løpet av programmet har arbeidsgruppene oppnådd gode resultat, og gjort seg mange erfaringar. Desse resultatane og erfaringane er presentert i kvar arbeidsgruppe sitt kapittel. Styringsgruppa sine anbefalingar til oppdragsgivarane bygger på dei anbefalingane gitt av arbeidsgruppene i denne rapporten. Dette er viktige innspel til det vidare arbeidet innanfor temaet landbruksbygg og kulturlandskap.

**Styringsgruppa ser framleis store behov for vidareutvikling av dette temaet, og anbefalar at LMD i lag med partane i jordbruksoppgjøret vidarefører denne satsinga som ledd i den ordinære landbrukspolitikken. Styringsgruppa anbefalar at både LMD og MD styrkar eksisterande budsjett-postar til dette formålet.**

**Styringsgruppa anbefalar sterkt å få samla kunnskapen om temaet på ein stad, som er lett tilgjengelig for alle. Til dette er programmet sin nettstad, [www.landbruksbygg.no](http://www.landbruksbygg.no), ein eigna stad.** Her er informasjon, resultat og eksempel frå arbeidet gjort i programmet publisert, og det skal fortsette å publiserast materiale her i 2013. Det er viktig at denne nettstaden vert oppdatert med informasjon om temaet, også etter at programperioden no er over. Opp i gjennom åra har det vore gjennomført ei rekke liknande prosjekt som dette, som har munna ut i mange rapportar og rettleiarar. Det er viktig at all kunnskap om temaet vert samla på ein stad, og at denne informasjonen lett kan nåast av alle. Ev. nye oppfølgingsprosjekt bør ta utgangspunkt i denne nettstaden, og publisere informasjon der. Nettstaden bør vere søkbar og brukarvennleg. Denne nettstaden kan inneha rolla som idébank, nettverksbygging og prosessrettleiar for ulike aktørar. Nettstaden bør innehalde informasjon om potensialet for å utnytte bygningskapitalen i landbruket, planprosessane, eigarane sine moglegheiter, rådgivarane, forvaltninga og vernemyndigheitene si rolle, samt finansieringskjeldene for prosjekta. Det er viktig at aktørane i landbruket får tilgang på ein oppdatert nettstad om dette temaet uavhengig av aktiviteten på dette feltet i eige fylke.

Styringsgruppa har innvilga midlar til vidare drift av nettstaden i 2013, saman med NLR, og i tillegg har TINE, Nortura og Felleskjøpet Agri alle gitt signal om at dei vil bidra med midlar. **Det er viktig at eit organ (for eksempel NLR) får eit vidare ansvar for å vedlikehalde og organisere nettstaden, og at midlar til dette vert vidareført. Styringsgruppa foreslår at det i første omgang vert sett av ressursar til eit slikt prosjekt gjennom jordbruksavtalen over ein femårsperiode, og at midlar deretter vert evaluert.**

Arbeidsgruppene har sett store behov for meir informasjon om temaet. Nettstaden til prosjektet vil som skreve over vere ein eigna plattform for denne informasjonen. Styringsgruppa anbefalar meir arbeid innan:

- **Ei vidareutvikling av rådgivingstenesta.** Det er eit stort behov for samla og gode rådgivingstenester, både når det gjeld private rådgivningsapparat og offentlege forvaltningstenester på nasjonalt og regionalt nivå. Dei regionale partnerskapsprosjekta i arbeidsgruppe 2 har erfart at tiltakshavarar med store potensiale i sine bygg har fått det rådet å rive og bygge nye bygg til erstatning for dei gamle. Styringsgruppa meiner det er viktig at Fylkesmenna kan fortsette informasjons- og rådgivingsarbeidet som effektive tiltak for å hindre tap av verdifulle bygg.
- **Utvikling og gjennomføring av fagseminar og etterutdanning for rådgivningsapparatet, offentleg forvaltning og næringsorganisasjonane.** Dette for å sikre ei auke i kompetanse og merksemd på temaet landbruksbygg og kulturlandskap. **Styringsgruppa anbefalar at det opprettast ein nasjonal agroarkitekturpris,** som arbeidsgruppe 1 anbefalar, for å få merksemd rundt temaet.
- **Gjere informasjon både til og frå offentlege forvaltningstenester lettare tilgjengeleg. Her kan nettstaden inneha ein ny modul.** Dette kan f.eks. innebere informasjonstiltak mot kommunale

plan- og bygningsmyndigheter knytta til kommunen sine moglegheiter i plan- og bygningslova til auka kvalitet i bygningsutforming og omsyn til landskap og jordvern ved oppføring av nye landbruksbygg. Denne modulen bør inkludere forslag til standard retningslinjer og føresegner samt gode eksempel.

- **Styringsgruppa anbefalar at det vert utarbeidd ein guide for heilheitleg planlegging av landbruksbygg.** Denne vil vere til stor nytte ved prosjektering av nye landbruksbygg. Dette har fleire av arbeidsgruppene sett behov for.
- **Vidare ser styringsgruppa behov for ein auke i fokus på dyrka mark, og anbefalar at LMD og avtalepartane nedsett ei gruppe som skal vurdere om, og ev. korleis, § 9 i jordlova kan få verknad ved utbygging i landbruket.** Driftsapparat i framtida vil måtte ligge i landbruket sitt kulturlandskap, og utbygging av store bygningsvolum vil dermed ofte komme i konflikt med jordvernomsynet. Per i dag vert ikkje nedbygging av dyrka mark til driftsbygningar rekna med i den årlege omdisponeringsstatistikken. Regjeringa har eit jordvernmål om ei årleg omdisponering av dyrka mark på under 6.000 dekar.
- **Styringsgruppa oppfordrar LMD til å etablere eit fast fagleg nettverk for dei som jobbar med fornya bruk av eldre landbruksbygg, og stimulere til regional nettverksbygging og utvikling av lavterskeltilbod for rådgiving.** Partnerskapsprosjekta til arbeidsgruppe 2 har registrert generell stor interesse for temaet fornya bruk av ledige landbruksbygg, herunder interesse for eit slikt nettverk, og etter programmet sin slutt. Fylkesmenna i Hedmark og Oppland vil ta på seg ei koordinatorrolle som seinare kan gå på omgang mellom fylka.
- **Styringsgruppa anbefalar at det i ein femårsperiode frå LMD og MD vert sett av midlar til å vidareutvikle samarbeidet på regionalt nivå om oppføring av nye landbruksbygg og ny bruk av ledige landbruksbygg.** Dette med bakgrunn i at det bl.a. i arbeidsgruppe 2 er gjennom dette programmet etablert gode relasjonar mellom dei ulike aktørane på fylkesnivå; Fylkesmann, fylkeskommune, bondeorganisasjonar, musèer, arkitektar, NLR m.m. i mange fylker undervegs i programmet. Dette har resultert i interne avklaringar, samarbeid, eksterne kurs, felles strategiar og ei rekke andre tiltak.
- **Styringsgruppa ser behov for å opprette ei gruppe som legg fram forslag til avklaring av forvaltningsrutiner og retningslinjer rundt kulturminnelova og landbruket.** Desse avklaringane bør skje i samarbeid mellom MD, LMD og næringa. Styringsgruppa ser her eit behov for å avklare korleis landbruket skal handterast i forhold til føresetnadane i kulturminnelova. Ein kan her tydeliggjøre rammevilkår for å ta vare på både kulturminnelova sine føresegner og tiltakshavarne sine behov for lønsemd og føreseielegheit. Oppgåvene til gruppa kan blandt anna vere å sjå på eksisterande moglegheiter for statleg dekning av kostnadar ved registrering og undersøking av automatisk freda arkeologiske kulturminne i samband med landbruksbygg, vurdere moglegheita for nye støtteordningar til dette, avklare rutiner for fristar for kulturminneforvaltninga når det gjeld tilbakemelding om behov og omfang av registrering, samt utrede moglegheit for større føreseielegheit ved å knyte potensial for kulturminnekonflikt til lokalisering av nye landbruksbygg i ulike områdetyper. Kommunane må dessutan få informasjon om deira plikt til å sende over byggesaker for store landbruksbygg til regional kulturminneforvaltning.
- **Styringsgruppa ber avtalepartane om å vidareføre arbeidsgruppe 3 sitt prosjekt om registrering av verdifulle landbruksbygg til å bli landsdekkande under namnet "Kulturhistorisk viktige landbruksbygningar".** Vidare ser styringsgruppa behov for at det vert bevilga midlar til Riksantikvaren, ev. i samarbeid med Skog og landskap, til å vidareutvikle "Kulturminnesøk" til eit eigna dataforvaltningsverktøy, både innholdsmessig og teknisk. Ein bør her vurdere om det trengs å utarbeidast ein kortfatta rettleiar for kulturhistorisk viktige landbruksbygg som eit tillegg til Riksantikvaren si håndbok for lokal registrering av kulturminne i kommunen. Medlem i arbeidsgruppe 3 er villige til å fungere som støttespelarar under dette arbeidet. Videre bør innhaldet i "Kulturminnesøk" koblast til Skog og landskap sine nettbaserte kart- og innsynsverktøy "Gårdskart" og/eller "Kilden".



**Styringsgruppa har vidare sett behov for meir arbeid med ulike rettleiarar:**

- Mattilsynet sin rettleiar om korleis mosjonsføresegnene skal praktiserast bør oppdaterast
- LMD bør vurdere å vidareutvikle "Landbruk Pluss" rettleieren
- Det er eit behov for at KRD får utarbeidd ein ny temarettleiar om driftsbygningar i landbruket

**Styringsgruppa vil anbefale at det vert lagt opp til smidige prosessar når det gjeld byggesaksbehandling, tekniske krav, dispensasjonsbehandling etc.** då ein ser at eksisterande regelverk byr på utfordringar når det gjeld arbeid med landbruksbygg, både oppsetting av nye og bevaring av gamle. Dette gjeld informasjon og rettleiing om moglegheitane innanfor plan- og bygningslov, kulturminnelov etc. Mange av tiltaka vil f.eks. utløyse krav om dispensasjonssøknad frå eksisterande kommuneplan. Det vil ofte innebere krevande og langvarige prosessar innanfor kommunal forvaltning og påfølgande høyringar frå statlige/fylkeskommunale organ. Nokon av desse utfordringane bør kunne løysast innanfor kommuneplanen sin arealdel.

**Styringsgruppa ser eit klart behov for å forsterke verkemiddelbruken for utforming av nye landbruksbygg og innpassing av desse i landskapet.** Landbruksbygningar er ein sentral del av kulturlandskapet. Å ta vare på kulturlandskapet er ein av hovudmålsettingane i norsk landbrukspolitik, og miljø- og kulturlandskapstiltak har lenge vore eit satsingsområde for norsk landbruk. Det er eit paradoks at ein i dag ikkje gir ny landbruksbygningar tilsvarande merksemd som andre kulturlandskapselement. Dette er ein klar mangel i verkemiddelsystemet. Sjå arbeidsgruppe 1 sitt kapittel om vidare arbeid for meir detaljerte forslag på korleis dette kan løysast.

**Styringsgruppa ser klare fordelar dersom temaet nye landbruksbygg og kulturlandskap kan bli omhandla i nasjonale rammer for dei regionale programma, både bygdeutviklingsprogram, næringsprogram og miljøprogram.** Avtalepartane må legge vekt på heilskapleg verkemiddelbruk for landbruksbygg og kulturlandskap, gjennom innretting av BU-midlane, RMP-midlane, samt styringssignala til kommunane for SMIL-ordninga. Det er her viktig med styrka finansiering i allereie etablerte økonomiske verkemiddel. Det kostar å ta vare på eksisterande landbruksbygg, og ein har sett i dette programmet at byggekostnadene for nybygg som avvik frå dei dominerende standardløyisingane synast å vere avhengig av utvida finansieringsløyisingar for å bli realisert. Sjå arbeidsgruppe 1 og 2 sine kapittel om vidare arbeid for meir detaljerte forslag om korleis dette kan gjerast.

**Styringsgruppa anbefalar at det er Riksantikvaren si støtte, Norsk kulturminnefond, kulturminnevernmiddel i fylkeskommunane og SMIL-midlar som bør sikrast tilstrekkelege midlar for å nå nasjonale mål om bevaring og restaurering.** Dette på grunn av at det er desse ordningane som gir midlar til bevaring og restaurering av kulturhistorisk viktige landbruksbygg, som ikkje nødvendigvis er tilknytta aktive gårdsbruk. Anbefalinga vert og gitt med tanke på en oversiktleg struktur nasjonalt.

**Styringsgruppa vil til slutt anbefale at det vert sett av midlar til prosessar ute i fylka som er starta opp som følge av dette programmet. Det er mindre ressurskrevjande å bidra til at pågåande prosessar får fortsette, enn det er å starte dei opp att etter at dei har stoppa opp.** Dette er innspel som arbeidsgruppe 2 har vidareformidla frå dei regionale partnarskapsprosjekta. Dei same innspela blei spelt inn av fleire av prosjekta og tydar på at dette er behov ein ser over heile landet. Det vil fortsett vere behov for å tilføra ressursar til desse prosessane for å oppnå gode og ønska resultat. Landbruksbygga i fylka representerer ein vesentleg verdi for samfunnet og kompetansen som er utvikla for å halde dei i bruk eller finne nye bruksområde for dei, må vidareførast.

## Nyttige internettadresse

Utviklingsprogrammet sin nettsted:	<a href="http://www.landbruksbygg.no">www.landbruksbygg.no</a>
Landbruks- og matdepartementet:	<a href="http://www.lmd.dep.no">www.lmd.dep.no</a>
Statens landbruksforvaltning:	<a href="http://www.slf.dep.no">www.slf.dep.no</a>
Direktoratet for byggkvalitet:	<a href="http://www.dibk.no">www.dibk.no</a>
Norsk Landbruksrådgiving:	<a href="http://www.lr.no">www.lr.no</a>
Riksantikvaren:	<a href="http://www.ra.no">www.ra.no</a>
Innovasjon Norge:	<a href="http://www.innovasjon norge.no">www.innovasjon norge.no</a>
Husbanken:	<a href="http://www.husbanken.no">www.husbanken.no</a>
Prosjektet <i>Landbruksbygg i tre</i> :	<a href="http://www.trefjos.no">www.trefjos.no</a>

## Referansar

Lyngtveit, Torgeir (2011) Landbruksbygninger og kulturlandskap - nybygg og gjenbruk. Innledende rapport, arbeidsgruppe 1

Mjelde, Ragnar (2008) Brev til arbeidsgruppene i utviklingsprogrammet Landbruksbygg og kulturlandskap

Mjelde, Ragnar et. al. (2008) Landbruksbygninger og kulturlandskap - mandat for arbeidsgrupper

Stensgaard, Kari (2011) Kulturminner og kulturmiljøer i jordbrukets kulturlandskap. Rapport for prosjektårene 2004-2008. Rapport frå Skog og landskap 24/2011

Meld. St. 9 (2011–2012) Melding til Stortinget. Landbruks- og matpolitikken. Velkommen til bords

Svardal, Solveig et. Al. (2007) Store landbruksbygg i landskapet. Tema Nord 2007 : 522 Nordisk Ministerråd, København 2007 ISBN 978-92-893-1489-3

Svardal, Solveig (2009) Nytt liv for dei raude låvane midt i Telemark. Notat: 13 – 2009 Telemarksforskning

Nordisk Ministerråd (2007) Store nye landbruksbygg i landskapet. TemaNord 2007:522

## Arbeidsgruppe 1

Arbeidsgruppe 1 i Program landbruksbygg og kulturlandskap: Nye store landbruksbygg. Kronikk Bondebladet 7.4.2011

Brev til statsråd Brekk (2011)

Riksantikvaren (2011) Kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Plan- og bygningsloven. Veileder. <http://www.riksantikvaren.no/filestore/Veileder22.8.10.pdf>

Statens landbruksforvaltning (2012) Temaveileder: Landbruk og planlegging etter plan- og bygningsloven. <http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/veiledninger/2012/landbruk-pbl.html?id=671207>

## Arbeidsgruppe 3

Riksantikvaren (2001) Alle tiders kulturminner: hvorfor og korleis verner vi viktige kulturminner og kulturmiljøer? Riksantikvaren, Oslo

Riksantikvaren (2012) Kulturminner i kommunen: Håndbok for lokal registrering. Revidert utgave. Riksantikvaren, Oslo. <http://www.riksantikvaren.no/filestore/Hndbokforlokalregistrering3.pdf> (16.11.2012)

Stensgaard, K. (2011) Kulturminner og kulturmiljøer i jordbrukets kulturlandskap: rapport for prosjektårene 2004-2008. Rapport fra Skog og landskap 24/2011. Norsk institutt for skog og landskap, Ås. [http://www.skogoglandskap.no/filearchive/rapport\\_24\\_11\\_kulturminner\\_og\\_kulturmiljoer\\_i\\_jordbrukets\\_kulturlandskap.pdf](http://www.skogoglandskap.no/filearchive/rapport_24_11_kulturminner_og_kulturmiljoer_i_jordbrukets_kulturlandskap.pdf) (16.11.2012)

## Upublisert grunnlagsmateriale<sup>2</sup>

### Arbeidsgruppe 3:

Nordberg, Ø. (2011) Rapport: registrering av kulturhistorisk verdifulle bygninger i landbruket – 21 gårdstun i Askim kommune i Østfold. Askim kommune

Dyrlie, Ø., Tverå, K. & Fagerbakk, B. (2011) Rapport fra registreringsarbeid i Hemnes kommune: registrering av kulturhistorisk verdifulle bygninger i landbruket. Hemnes kommune

Skjerdal, S. & Bjørnetun, E. (2011) Pilotprosjekt for registrering av kulturhistorisk verdifulle landbruksbygninger i Luster – oppsummering, evaluering. Luster kommune

Vik, G. & Riaunet, K. (2011/2012) Erfaringsrapport, del 1 og 2. Melhus kommune

Stokstad, G., Kval, J.N. & Milford, A.B. (2012) Incentiver til registrering i databasen over kulturhistorisk viktige landbruksbygg. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) & Norsk institutt for skog og landskap

Stuberg, K. (2012)a. Kulturhistorisk verdifulle landbruksbygninger: erfaringer fra pilotkartleggingene med fokus på registreringskjemaet og databaseløsninger. Riksantikvaren

Stuberg, K. (2012)b. Kulturhistorisk verdifulle landbruksbygninger: nøkkeltall fra pilotkartleggingen i Hemnes, Melhus, Askim og Luster. Riksantikvaren

---

<sup>2</sup> Arkivert hos Statens landbruksforvaltning

## **Vedlegg 1: Mandat arbeidsgruppe 1: Nye landbruksbygg og kulturlandskap**

### **1. Mål**

Arbeidsgruppa skal ta utgangspunkt i målene for dette tema i utviklingsprogrammet Landbruksbygg og kulturlandskap:

- Betre landskapstilpasning og bedre utforming av nye landbruksbygg
- Det skal tas omsyn til eksisterende bygningsmiljø og tunformer
- Bygningene må være framtidsrettede og funksjonelle

### **2. Arbeidsfelt og tiltak**

Arbeidsgruppa skal ta utgangspunkt i tiltaksplanen i rapporten fra Nordisk Ministerråd "Store nye landbruksbygg i landskapet". Denne planen, sammen med andre relevante problemstillinger, skal være bakgrunn for de tiltakene som arbeidsgruppa prioriterer i sitt forslag til arbeidsplan.

#### **2.1 Pilotprosjekter, gode eksempler**

Arbeidsgruppa skal i samarbeid med byggherrer, lokale/regionale utviklingsprosjekter og rådgivere/veiledere, initiere, støtte og gjennomføre pilotprosjekter. Pilotprosjektene skal kunne gi bakgrunn for oppfølging på flere ulike områder; formidling av eksempler på gode løsninger, verdien av en helhetlig planprosess, behov for endringer av juridiske eller økonomiske virkemidler, behov for kurs og kompetansetiltak, m.v.

Arbeidsgruppa skal legge til grunn følgende kriterier ved valg av pilotprosjekter:

- Prosjektene skal ha stor overføringsverdi
- Prosjektene skal gi erfaringer med korleis ulike målsettinger i programmet kan ivaretas (kulturlandskap, jordvern, byggeskikk m.v.)
- Prosjektene skal gi erfaringer med klima- og energivennlige løsninger i utførelse og drift

Det skal legges stor vekt på formidling av resultater fra pilotprosjektene. Dette skal knyttes til ulike faser i planlegging og gjennomføring av prosjektene.

#### **2.2 Virkemidler/rammevilkår**

Beslutninger om nybygg og valg av løsninger skjer innenfor et sett rammevilkår. Gruppa skal vurdere om dagens virkemidler har mangler eller kan gi uheldige tilpasninger i forhold til målene i utviklingsprogrammet, og eventuelt foreslå endringer i virkemidlene. Gruppa skal særlig se på plan- og bygningsloven og landbrukets særlover, samt investeringsvirkemidlene.

#### **2.3 Formidling av resultater og behov for ny kunnskap**

Arbeidsgruppa skal legge stor vekt på å formidle erfaringer og resultater fra pilotprosjekter og arbeid med virkemidler og kunnskapsstatus.

Formidlingstiltak som kan være aktuelle:

- Nettbaserte kanaler for formidling av eksisterende og ny kunnskap
- Deltagelse på fagsamlinger, messer, seminarer m.v.
- Utarbeidelse av veiledningsmaterieell, temahefter, innlegg i fagtidsskrift o.l.
- Løpende informasjonsarbeid fra arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa skal vurdere kunnskapsstatusen og eventuelle behov for kompetansetiltak innen rådgivning/veiledningstjenesten både privat og offentlig. Dette gir bakgrunn for å foreslå nye kompetansetiltak, som kurs, seminar mv. Det skal søkes samarbeid med tablerede kurstilbydere innenfor fagområdet. Det skal legges vekt på at kunnskapen blir tatt i bruk i rådgivnings/veiledningstjenesten, blant planleggere, innen kommunene og hos næringsutøverne.

Gruppen skal også se på kunnskapsmangler og behov for ny FOU aktivitet. Dette skal formidles til relevante FOU-miljøer i Norge og Norden, Norges Forskningsråd, departementene m.v. og bedrifter innen verksteds- og trebransjen.

## **Vedlegg 2: Mandat arbeidsgruppe 2: Ny bruk av ledige landbruksbygg**

### **1. Mål**

Arbeidsgruppen skal ta utgangspunkt i målene for dette tema i utviklingsprogrammet Landbruksbygg og kulturlandskap:

- Identifisere hindringer for bruksendring/gjenbruk av eksisterende landbruksbygg.
- Stimulere til ny bruk av ledige bygg, både i form av nye næringer og innenfor tradisjonelt landbruk. Dette kan skje både ved utvidelse av produksjonen og ved omlegging til nye driftsformer ved ombygging/påbygg av eksisterende bygg.
- Arbeide for at landbruksbygninger som landskapselement og kulturhistorisk uttrykk kan ivaretas, samtidig som dette gir en god utnyttelse av bygningsressursene.

### **2. Arbeidsfelt og tiltak**

Arbeidsgruppen skal ta utgangspunkt i tiltaksplanen i rapporten fra Nordisk Ministerråd "Store nye landbruksbygg i landskapet". Denne planen, sammen med andre relevante problemstillinger, skal være bakgrunn for de tiltakene som arbeidsgruppen prioriterer i sitt forslag til arbeidsplan.

#### **2.1 Pilotprosjekter, gode eksempler**

Arbeidsgruppen skal i samarbeid med byggherrer, lokal/regionale utviklingsprosjekter og rådgivere/veiledere, initiere, støtte og gjennomføre pilotprosjekter. Prosjektene skal ha potensial for formidling av gode og framtidrettede eksempler på utvikling av nye næringer og ombygging for tradisjonelt landbruk basert på eksisterende bygningsressurser.

Følgende problemstillinger er aktuelle å belyse:

- Omsyn til byggeskikk, landskap, jordvern og miljøkvaliteter
- Kommunen som plan- og byggesaksmyndighet, "flaskehals" eller stimuli i regelverk og kommunal forvaltningspraksis
- Forholdet mellom privat og offentlig sektor i tiltak med bred publikumsappell
- Klima- og energiløsninger, både ved drift av tiltaket og som egen satsing på gårdens energiresurser som kan utvikles for et eksternt marked. Dette kan gjelde både produksjon av bioenergi og bruk av bygninger til energiproduksjon.
- Ivaretagelse av arbeidsmiljø og dyrevelferd der dette er aktuelt

Arbeidsgruppen skal legge vekt på følgende kriterier ved valg av pilotprosjekter:

- Prosjektene skal ha stor overføringsverdi og være egnet for å formidle erfaringer fra plan- og byggeprosessen
- Prosjektene skal gi erfaringer med korleis ulike målsettinger i programmet kan ivaretas (landskap, jordvern, klima, byggeskikk m.v.)
- Prosjektene skal kunne illustrere ulike former for ny bruk eller ulike produksjoner innen tradisjonelt landbruk som også styrker næringsgrunnlaget på bruket

Det skal legges stor vekt på formidling av resultater fra pilotprosjektene. Dette skal knyttes til ulike faser i planlegging og gjennomføring av prosjektene.

#### **2.2 Virkemidler/rammevilkår**

Arbeidsgruppen skal se på korleis plan- og bygningsloven kan brukes for å støtte opp under målene i dette tema i utviklingsprogrammet. Det skal undersøkes om planlegging og enkeltsaksbehandling

